



HÅPET OM EIT GODT LIV

Jean Calvin si lære om menneskeleg tomheit og håpet i Kristus, som ei utfordring til Charles Taylors «the age of authenticity.»

SIMEN ELIAS NORDBRØND MYKLEBUST

VID vitenskapelige høgskole

Misjonshøgskulen

Masteroppgave

Master i teologi

Antall ord: 25 307

9. desember 2016

| | |
|--|----|
| <u>Kapittel 1 Introduksjon</u> | 4 |
| <u>1.1 Innleiing</u> | 4 |
| <u>1.2 Nytta av oppgåva</u> | 6 |
| <u>1.3 Problemstillinga</u> | 7 |
| <u>1.4 Metode</u> | 7 |
| <u>1.5 Tekstmateriale</u> | 10 |
| Charles Taylor | 10 |
| Calvins Institutt | 11 |
| Å lese Calvin | 13 |
| <u>Kapittel 2 Taylor - Den autentiske tid</u> | 16 |
| <u>2.1 Den autentiske tid</u> | 16 |
| Då Vesten vart sekulær | 16 |
| Expressive individualism | 19 |
| Håpet om eit godt liv | 20 |
| <u>Kapittel 3 Calvin – vi er tomme, håpet er Kristus</u> | 22 |
| <u>3.1 Å kjenne Gud og å kjenne seg sjølv</u> | 22 |
| Å ikkje kjenne Gud | 26 |
| Avgudsdyrkning | 30 |
| Å ikkje kjenne seg sjølv | 32 |
| Synd | 33 |
| Menneske er tomt | 36 |
| <u>3.2 Alt godt er i Jesus Kristus</u> | 36 |
| Mellommann | 38 |
| Profet, konge og prest | 38 |
| Forsonar | 42 |
| <u>3.3 Korleis får vi del i det gode som er i Kristus?</u> | 46 |
| Einskap med Kristus | 46 |
| Common Grace | 50 |
| <u>3.4 Det kristnelivet</u> | 52 |
| Det kristnelivet | 52 |
| Guds frykt | 52 |
| Eit heilagtt liv | 55 |
| Å seia nei til seg sjølv | 59 |

| | |
|---|----|
| <u>Å seia ja til andre</u> | 62 |
| <u>Å ta opp krossen</u> | 63 |
| <u>Oppsummering</u> | 65 |
| <u>Kapittel 4 Refleksjon og kritisk vurdering</u> | 66 |
| <u>Håp</u> | 66 |
| <u>Det indre er ei ustabil kjelde til håp</u> | 67 |
| <u>Ein krympa Calvin</u> | 70 |
| <u>Er Calvin sitt menneskesyn destruktivt?</u> | 71 |
| <u>Å elske nesten som oss sjølve</u> | 73 |
| <u>Skal ein elske seg sjølv?</u> | 75 |
| <u>Forkynne Kristus</u> | 76 |
| <u>Konklusjon</u> | 78 |
| <u>Bibliografi</u> | 80 |

Kapittel 1

INTRODUKSJON

1.1 Innleiing

Kva er håpet om eit godt liv? I dette studiet av Jean Calvin og fenomenet som Charles Taylor omtalar som «the age of authenticity», skal vi sjå på to ulike håp. Den autentiske tid representerer eit indre håp, der menneske må finne seg sjølv for å finne håpet om eit godt liv. Calvin representerer ei anna tilnærming ettersom han framstiller Kristus som det einaste håpet, og seier at menneske i seg sjølv er utan håp. Oppgåva presenterer difor Taylor si analyse av den autentiske tid, og går deretter inn på Calvin sitt hovudverk *Institutta*. Eg studerer *Institutta* for å sjå kva Calvin framstiller som håpet for menneske, og kva rolle dette speler i framstillinga hans av den kristne trua. Målet er å lese Calvin i lys av den autentiske tid, for å sjå om dette kan trekke fram sider ved Calvin si lære som er aktuelle for kyrkja i vår tid.

1.2 Nytta av oppgåva

Kvifor eit studie av Calvin?

Calvin er ein kontroversiell teolog innanfor norsk teologi. Tradisjonelt sett har det vore gitt mindre merksemd til han enn til Martin Luther.¹ Nyleg har ein kunne merke ei auka interesse for reformert teologi, særleg blant yngre kristne. Desse møter Calvin sine tankar frå ulike kjelder, men ofte i form av amerikanske forkynnalar som utmerkar seg på internett.² Den

¹ Calvin levde ein halv generasjon etter Luther og var påverka av hans arbeid.

² Eksempel på populære reformerte kjelder er:

Tim Keller (fødd 1950), John Piper (f. 1946), Kevin DeYoung (f. 1977), John MacArthur (f. 1939), Don Carson (f. 1946) og andre. The Gospel Coalition kan også nemnast som ei viktig påverkingskjelde.

For ei innføring i denne trenden sjå:

Mark Dever, “Where’d All These Calvinists Come From?,” *9marks*, accessed September 19, 2016, <https://9marks.org/article/whered-all-these-calvinists-come-from>.

Collin Hansen, “Young, Restless, Reformed,” *Christianity Today*, accessed September 27, 2016, <http://www.christianitytoday.com/ct/2006/september/42.32.html>.

auka interessa gjer det aktuelt med meir kunnskap om Calvin si lære, både for etterfølgjarar og kritikarar.

I norske teologistudiar vert Calvin oftaast diskutert i samanheng med nattverd og læra om Gud si utveljing (predestinasjon). Han vert difor for det meste assosiert med desse tema.³ I nattverdsdiskusjonen representerer Calvin eit standpunkt mellom Martin Luther og Ulrich Zwingli. I diskusjonen om predestinasjon er Calvin ofte sentral, medan han sjølv lente seg tungt til Augustin på dette området. Til dømes kan ein sjå den endelige utgåva av Calvins *Institutt*, der kapittelet om predestinasjon er nummer 21 i bok tre, 920 sider ut i verket.⁴ Nattverden får ein eigen diskusjon først i kapittel 16 i bok fire, etter heile 1324 sider. Sjølv om sidetalet ikkje viser kor viktig eit tema er for ein forfattar, så gir det likevel ein peikepinn om at det er meir dybde i Calvin sin teologi enn kva ein vanlegvis får med seg frå eit norsk teologistudie. Det er difor på sin plass med eit studie på norsk som trekk fram andre sider av Calvin sin teologi.

Noko anna vi kan dra nytte av i dette studiet, kan vere å sjå det pastorale hjartet i reformasjonen.⁵ Med dette meiner eg omsorga reformatorane hadde for samvitet og trua til vanlege kristne. Calvin var til dømes både pastor og systematisk teolog, og dei to oppgåvene påverka kvarandre. Ein har kanskje eit for snevert syn på reformasjonen om ein trur det berre handla om detaljar i rettferdigjeringsslæra. Det pastorale i reformasjonen er sentralt for Luther, Calvin og mange andre reformasjonsteologar. Læra om frelse ved trua åleine er sjølvsagt ein essensiell del av dette, men reformasjonen har samtidig eit breitt teologisk

³ Dette kan vi sjå om vi tek for oss nokre bøker som har vore ein del av teologistudiet. Eit så avgrensa utval er ikkje nok til å analysere ei lesning av Calvin, men det kan antyde ein trend. Og denne trenden ser ut til å vere at Calvin vert knytt med nattverd og predestinasjon. Bengt Hägglund, *Teologins Historia* (Lund: Liber Läromedel, 1981), 236-243. Jan-Olav Henriksen, *Guds Virkelighet* (Oslo: Luther Forlag, 1994), 236, 258. Ole Modalsli and Leif Gunnar Engedal, *Evangelisk Tro* (Oslo: Luther Forlag, 1980), 206.

⁴ Jean Calvin, *Institutes of the Christian religion*, ed. John T McNeill, trans. Ford Lewis Battles (Philadelphia: The Westminster Press, 1960).

⁵ For meir sjå: Carl Trueman, “Reformation 1: The Pastoral Heart of the Reformation,” *Theology Network*, accessed August 30, 2016, <http://www.theologynetwork.org/historical-theology/getting-stuck-in/reformation-1--the-pastoral-heart-of-the-reformation.htm>.

fokus. Å lese Calvin er ein nyttig måte å oppdage dette på. Dette er mellom anna fordi han kombinerer eit pastoralt hjarte med eit grundig arbeid i bibelstudiar; historisk teologi og systematikk. For den som har eit bilet av Calvin som ein hard og kald figur, kan det vere overraskande å få innsikt i det han skriv om einskapen vår med Jesus og om det kristne livet. Det kalde omdømmet hans stammar delvis frå avrettinga av Mikael Servetus i 1553.⁶ Servetus vart anklaga for vranglære og fekk dødsdommen i Geneve. Calvin førte tiltalen mot Servetus og ein kan slik lett forstå at han kan sjåast som ein rå figur. Men Michael Reeves skriv:

«He was complicit in Servetus' execution, it is true, but why should Calvin's reputation be so tarnished when the execution of Protestants and radicals by Catholics and vice versa was a commonplace of the sixteenth century? All Europe was agreed on Augustine's principle that heresy should ultimately be dealt with by the secular sword. Unease with capital punishment was simply not a feature of the times. Thus, if there was a fault, it can be seen only as a fault of the age, not the man.»⁷

Kvifor eit studie om «the age of authenticity?»

Filosofen Charles Taylor sitt verk *A secular age* er ei interessant framstilling av utviklingane som har ført til vår sekulære tid. Om Taylor har rett, er «the age of authenticity» ei tolkning av den seinmoderne tid som er aktuell for alle som vil formidle evangeliet i Vesten. Svært mange år har gått sidan Calvin fullførte verket sitt og ei samanlikning med Taylor si analyse kan difor hjelpe oss å vurdere idéane hans. For sjølv om det er eit stort tidsspenn mellom forfattarane, så tek dei opp tema som er relevante for kvarandre. Kanskje kan ei samanlikning og ein diskusjon av Calvin og den autentiske tid gi eit friskt perspektiv til dei som ønsker å forkynne evangeliet i Noreg i vår tid. For i dag, som til andre tider, har vi ein trøng for å forstå samtidia vår betre og å forstå evangeliet betre. Eg skriv ikkje som ein upåverka observatør av den autentiske tid, ettersom eg merkar at analysen til Taylor (og Calvin) skildrar mitt eige indre. Eg håper difor at andre også kan ha nytte av å utforske desse tema djupare og at det kan fremme forkynninga av evangeliet i ei tid som ser innover.

⁶ Michael Reeves, *On Giants' Shoulders: Introducing Great Theologians - from Luther to Barth.* (Nottingham: IVP, 2011), 45.

⁷ Reeves, *On Giants' Shoulders*, 46.

1.3 Problemstilling

For å kunne lese Calvin i lys av den autentiske tid og finne skilnaden mellom eit verdsbilete som ser innover, og eit som ser utover, tek dette studiet for seg den følgjande problemstillinga: *Håpet om eit godt liv – i oss sjølve eller i Kristus? Jean Calvin si lære om menneskeleg tomheit og håpet i Kristus, som ei utfordring til Charles Taylors «the age of authenticity.»*

Denne problemstillinga legg opp til ei oppgåve som utforskar kor vidt ein kan finne håpet om eit godt liv i oss sjølve, eller om det må finnast i Kristus. Oppgåva vil argumentere for at Jean Calvin har ei lære om at menneske er tomme i seg sjølv og at alt håp er i Kristus. Om dette kan visast, så kan oppgåva gå vidare til å reflektere rundt Calvin si lære som ei utfordring til «the age of authenticity.» For Charles Taylor framstiller «the age of authenticity» som ei tid der ein søker innover for håp. Det er altså naturleg med eit kapittel som introduserer Charles Taylor sitt konsept om «the age of authenticity» (Kap 2). Etter dette kjem eit lenger kapittel som viser Calvin si lære om at menneske er tomme i seg sjølv og at håpet er i Kristus (Kap 3). Og så til slutt, eit kapittel med refleksjon som kan trekke saman element frå dei tidlegare kapitla og reflektere rundt situasjonen i dag (Kap 4.)

Spørsmålet i starten av problemstillinga bør lesast som ein kontrast mellom Calvin si lære og «the age of authenticity.» «Håpet om eit godt liv» er meint i ein vid forstand ettersom det betyr litt ulike ting i Calvin og Taylor si analyse. Til dømes vil håpet om eit godt liv for Calvin inkludere det neste livet, medan dette er mindre aktuelt i «the age of authenticity.» Håpet om det gode liv viser difor til det som er det aller beste for menneske, enten det inkluderer evigheita eller ikkje. Ein bør også merke at kontrasten mellom håp i oss sjølve og håp i Kristus ikkje er absolutt. «The age of authenticity» kan til ein viss grad kombinerast med håp i Kristus, sjølv om oppgåva vil argumentere for at dei to er motsette og at dette difor er inkonsekvent.

1.4 Metode

Torleiv Austad skil mellom induktiv og deduktiv metode.⁸ Induktiv metode let teksta sjølv legge fram innhaldet og lesaren stiller seg open. Deduktiv metode tilnærmer seg teksta med ei

⁸ Torleiv Austad, Tolkning Av Kristen Tro (Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2008), 166.

tese og ser kva svar teksta gir på dette. Begge desse metodene er i bruk i denne oppgåva. Ved ei induktiv lesning av Calvin kom det fram mykje som han tek for gitt, som ikkje vil vere sjølvsagde for den moderne lesar. Difor vart det naturleg å samanlikne Calvin med Charles Taylor si analyse av den autentiske tid for å trekke fram denne skilnaden. Oppgåva bruker difor også ein komparativ metode, ettersom det er ein egna måte til å vise moderne lesarar at Calvin sine føresetnader er annleis enn våre. Dette kan altså seiast å vere eit deduktivt aspekt med oppgåva, ettersom eg tilnærmer oss teksta med eit spørsmål som eg vil ha svar på. Eg spør korleis Calvin tenker annleis enn folk i den autentiske tid. Og svaret på dette spørsmålet kjem dels ved ei induktiv lesning av *Institutta* og dels ved samanlikninga med den autentiske tid.

Bak dette ligg føresetnaden at vi som lesarar kan forstå meiningsa av teksta til ein forfattar. Post-moderne lesingar av tekstar har aktualisert spørsmålet om kven som vel kva ein tekst betyr. Men ei hermeneutisk relativisme, der teksten kan bety næraust kva som helst, er ikkje ei nyttig tilnærming til spørsmålet i problemstillinga. Likevel er det viktig og hugse på at ein kvar lesar tilnærmer seg tekstar med sitt eige verdsbilete og føresetnader. Hans-Georg Gadamer minner oss på at vi må vere merksame på kva vi sjølve tek med til lesinga av teksten.⁹ Oppgåva prøver å ta hensyn til dette ved å ta med refleksjonar rundt verdsbilete. For sjølv om ingen kan vere nøytrale lesarar, så kan vi likevel forsøke å bli merksame på kva som påverkar oss og kva som påverka forfattaren, og slik gjere eit betre tolkingsarbeid.

Denne oppgåva er eit studie i systematisk teologi. Systematisk teologi skil seg frå bibeltolking og kyrkjehistorie i at mindre fokus er gitt til kronologi. I staden vert det lagt meir vekt på oversikt og samanhengar på tvers av bibeltekstar og historie. I bibeltolking tek ein gjerne for seg Bibelen slik den vert presentert i dei ulike bøkene, med kronologi og utvikling som ein sentrale komponentar. Til forskjell frå dette kan systematikken trekke ut tema som Gud, Jesus, frelse og sjå korleis Bibelen som ein heilskap omtalar dei. Begge desse tilnærmingane er nødvendige for å framstille innhaldet i Bibelen.

⁹ Austad, Tolkning Av Kristen Tro, 161.

Vidare er dette eit tekststudie av ein del av Jean Calvin sin systematiske teologi og Charles Taylor si kulturanalyse. Difor vert det lagt vekt på å lese Calvin og Taylor og tolke dei på deira eigne premissar. Den beste tolkninga av ein forfattar skjer om ein les verket med eit ope sinn og prøver å forstå mest mogleg av innholdet før ein vurderer det, altså induktiv metode. For at dette skal vere mogleg er det viktig å lese forfattarane grundig. Dette er i seg sjølv ei krevjande oppgåve ettersom verka er lange og tida er avgrensa. Lesinga har difor fokusert på dei delane som eg vurderer som dei mest sentrale for oppgåva. I lesinga av Taylor er filosofen Jamie K. A Smith ei nyttig støtte og oppgåva viser difor også til introduksjonen hans der det er relevant.

I lesinga har eg fulgt retningslinjene til Mortimer Adler i «How to read a book.»¹⁰ Han spør lesaren: «1. What is the book about as a whole? 2. What is being said in detail, and how? 3. Is the book true, in whole or part? 4. What of it?»¹¹ For å svare på desse spørsmåla gir han lesaren ulike reglar for å kunne tolke tekstar best mogleg. Regel nummer 9 stikk seg ut som ekstra relevant: «You must be able to say, with reasonable certainty, ‘I understand,’ before you can say any one of the following things: ‘I agree,’ or ‘I disagree,’ or ‘I suspend judgement.’» Positiv, negativ eller nøytral kritikk, må komme etter at vi har lest og forstått kva forfattaren prøver å seie. Adler legg slik eit sunt grunnlag for eit kvart tekststudie. Full nøytralitet er ikkje mogleg og kanskje heller ikkje ønskeleg. Vårt eige verdsbilete, tidsepoke og teologiske preferansar fargar lesinga vår. Vi kan likevel prøve å gå inn i verda til Calvin og følge argumentet hans så tett som mogleg. Altså er det viktig å bruke nok tid på den primære kjelda, slik at ikkje sekundære kjelder dominerer lesinga vår. Den Calvin som kjem fram frå sitat i sekundær litteratur kan skilje seg drastisk frå inntrykket han gir i sine eigne verk.¹²

Den induktive tolkingsmetoden tek som utgangspunkt at vi forsøker å lese Calvin slik han sjølv ønska at verket skulle lesast. Men ettersom oppgåva også har eit komparativt element, så må vi vere varsame med spørsmåla vi stiller til Calvin sin tekst. Når ein les

¹⁰ Mortimer Jerome Adler and Charles Lincoln Van Doren, *How to Read a Book* (New York: Simon and Schuster, 1972).

¹¹ Adler and Van Doren, *How to Read a Book*, 46-47.

¹² Noko liknande kan til dømes seiast om Karl Barth.

Calvin med eigne tolkingsnøklar (deduktivt) risikerer ein å leite etter svar frå Calvin på spørsmål han ikkje prøver å svare på. Gamle skrifter kan vere svært relevante for moderne situasjonar, men ei rettferdig tolkning må ta utgangspunkt i deira eigne svar. Lesaren må ta den lange vegen via forfattaren sine svar på forfattaren sine spørsmål. Først då kan lesaren uttale seg om relevansen verket har for lesaren sine eigne spørsmål. Før vi kan seie om Calvin kan hjelpe oss med våre teologiske utfordringar, må vi først forstå kva han skriv om. Altså kan vi ikkje spørje Calvin direkte om den autentiske tidsalder. Han skriv ikkje om den og kan ikkje svare direkte på eit slikt spørsmål. Men om vi spør Calvin om det kristne livet, som han skriv mykje om, då kan vi lære mykje om den autentiske tidsalder og deretter kanskje sjølv forme ein kritikk. Slik legg den induktive metoden til rette for den komparativ metoden. Samanlikninga av det fenomenet Taylor kallar «*The Age of Authenticity*» med Calvin si lære, er naturleg ettersom lesinga av dei to tekstane viser at dei tek for seg liknande tema.

1.5 Tekstmateriale

Charles Taylor

I verket «*A secular age*» presenterer Charles Taylor (født 1931) ei framstilling av korleis det vestlege samfunnet endra seg til å bli meir sekulært i dag enn for fem hundre år sidan.¹³ Ettersom Taylor tek for seg dei fem hundre åra som har gått sidan Calvin skrev sitt verk, er hans analyse svært interessant for dette studiet. Han tek for seg endringane som har skjedd i verdsbilete vårt og trua vår. Slik hjelper han oss å forstå notida og Calvin si tid. Det moderne fenomenet han kallar «*the Age of Authenticity*», er særskild relevant. Når han omtalar den autentiske tid så viser han til ein noverande tanke om at kvar og ein må vere sitt autentiske seg. Den autentiske tid er difor ei tid som utfordrar autoritetar og etablerte normer, og i staden oppmuntrar til å finne ut kven ein verkeleg er. Eit anna omgrep han bruker er «*expressive individualism*», og denne uttrykkande individualismen – om vi kan oversetje det slik – er sentral i den autentiske tid.¹⁴ Dette er altså ein individualisme der ein må finne ut kven ein er, for å deretter vise denne nyfunne identiteten til andre. Taylor erkjenner at dette ikkje er eit

¹³ Charles Taylor, *A Secular Age* (Cambridge, Mass.: Belknap Press of Harvard Univ. Press, 2007), 25.

¹⁴ Taylor, *A Secular Age*, 473.

nytt fenomen, men at det har røtter heilt tilbake til det attande århundre.¹⁵ Likevel påpeikar han at denne typen individualisme er ny, ettersom den gjeld så mange fleire enn før.

Calvins Institutt¹⁶

I den endelege latinske utgåva frå 1559 fekk *Institutta* eit nytt oppsett, i tillegg til store mengder nytt stoff. Medan utgåva frå 1536 berre var 6 kapittel, er det endelege verket heile 80 kapittel, og lengda auka med ca. 80 % samanlikna med den nest siste utgåva.¹⁷ Dei 80 kapitla er fordelt inn i fire bøker, som ikkje må forvekslast med dei to voluma boka ofte blir trykt i. Kvart kapittel er i 1559-utgåva inndelt i avsnitt eller delkapittel og tilvisingar til Calvin er difor oftast å finne i formatet «4.15.17» som viser til bok 4, kapittel 15, avsnitt 17.¹⁸

Denne oppgåva tek utgangspunkt i den engelske omsetjinga av den latinske utgåva frå 1559. Direkte sitat av Calvin (og Taylor) er difor gjengitt på Engelsk og ikkje omsett til norsk. Det er uklart kva som er den beste norske omsetjinga av tittelen til verket «*Christiana religionis institutio.*» Det er mogleg at Calvin med si juristutdanning hentar ordet frå tittelen til ulike Latinske lovverk. Men det kan også vere at han er inspirert av Erasmus «*Institutio principis Christiani*» eller andre.¹⁹ Det latinske *Institutio* (eintal) vert i dag omset til *Institutes* (fleirtal) på engelsk, men verken *Institutes* eller norske *Institutt* gir automatisk dei konnotasjonane som Calvin truleg er ute etter. Tittelen kan til dømes lesast som

¹⁵ Taylor, *A Secular Age*, 473.

¹⁶ Calvin, *Instit.* xxxvi - xxxvii

¹⁷ Calvin, *Instit.* xxxviii.

¹⁸ I tråd med både Turabian og Society of Biblical Literature (SBL) sine anbefalinger blir då den korte fotnota: «Calvin, *Instit.* 4.15.17.» Nokre systemer vil legge til ein parantes (Battles, 2:1317). Der Battles viser til omsetjaren og 2-tallet til volum 2 og 1317 til sidetallet. Denne parentesen er altså utelatt i Turabian.

¹⁹ Calvin, *Instit.* xxxi, footnote 3.

«Introduksjon til Kristen lære.»²⁰ Men det mest naturlege er å skrive institutt (fleirtal) ettersom dette har blitt vanleg i moderne engelsk litteratur om verket.²¹ Tittelen på verket blir då *Institutt om den kristne religionen*, eller berre Calvins *Institutt*.

Stoffet i *Institutta* er i den endelege utgåva organisert i fire bøker. Den første boka, «the knowledge of the Creator», tek for seg kjennskapen til Gud og mangelen på den. I den andre boka, «The knowledge of God the Redeemer in Christ, first disclosed to the fathers under the law, and then to us in the Gospel», viser Calvin at det er i Kristus vi møter Guds nåde. Den tredje boka, «The way in which we receive the grace of Christ, what benefits come to us from it, and what effects follow», handlar om korleis vi får del i den nåden ved Anden. Bok fire, «The external means or aids by which God invites us into the society of Christ and holds us therein», tek for seg kyrkja, sakramenta og liknande. To ting er verd å merke seg med denne strukturen: For det første følger den laust dei ulike delane av den apostoliske truedkjenningsa. Bok 1 svarer til den første artikkel om skaparen, og bok 2 tek for seg frelsaren. Bok 3 handlar om Anden og bok 4 om «samfunnet av dei heilage.» For det andre er sjølve strukturen til *Institutta* dermed treeinig. Treeinigheita er altså ikkje plassert til slutt i eit tillegg, men bygd inn i sjølve strukturen til teologien.²²

²⁰ Calhoun skriv: «The title is simply, ‘Instruction in Christian Doctrine or in Christianity.’ If we were trying to modernize the title, we would say something like ‘Basic Instruction in the Christian Faith.’» David Calhoun, “Introducing the Institutes,” *Covenant Seminary*, accessed September 29, 2016,

https://www.covenantseminary.edu/resources/wp-content/uploads/sites/5/2014/12/CH523_T_01b.pdf.

²¹ McNeil påpeikar at *Institution* og *Institutions* har blitt brukt i Engelske oversetningar, men at John Allens omsetjing frå 1813, *Institutes*, vann fram og vart vanlegast. Calvin, *Instit.* xxxi, fotnote 3.

²² Schleiermacher er kjend for å ha plassert læra om treeinigheita i eit tillegg bakerst i boka si «The Christian Faith.»

Alister E. McGrath, *Christian Theology: An Introduction*, 25th Anniversary Sixth Edition. (Hoboken: Wiley, 2016), 319.

Å lese Calvin

Lesning og tolkning av Calvin er eit stort og krevjande felt, difor er det ofte overraskande for ein ny lesar av Calvin å oppdage tonen i *Institutta*. Mykje av verket – og dette gjeld særleg delen om det kristne livet – er prega av ein varme som er uvanleg i mykje av moderne teologisk litteratur. Calvin skriv ikkje andaktslitteratur, men likevel kan denne type litteratur oppmuntre lesaren. C. S. Lewis er inne på dette når han skriv:

«For my own part I tend to find the doctrinal books often more helpful in devotion than the devotional books, and I rather suspect that the same experience may await many others. I believe that many who find that "nothing happens" when they sit down, or kneel down, to a book of devotion, would find that the heart sings unbidden while they are working their way through a tough bit of theology with a pipe in their teeth and a pencil in their hand.»²³

Det er særleg varmen som er det overraskande i lesinga, ettersom Calvin i nokre kretsar har eit omdømme som ein kald og dyster teolog.²⁴ Calvin sitt verk ber preg av ein teolog som elskar Gud og som sjølv er gripen av Guds storleik og godheit.

«Since we ‘owe everything to God,’ in Calvin’s pages we are everywhere confronting God, not toying with ideas or balancing opinions about him. As a result of this, regardless of detailed agreement with the author, the reader find him the companion of his own religious struggles. He is indeed a peculiarly articulate and intelligible reporter of religious insights and spiritual promptings that come at least vaguely to consciousness whenever men strive to frame thoughts of the God with whom they have to do.»²⁵

²³ C. S. Lewis, “Introduction to Athanasius’ on the Incarnation,” accessed September 12, 2016, <http://www.theologynetwork.org/studying-theologyrs/startng-out/introduction-to-athanasius-on-the-incarnation.htm>.

²⁴ Debattar om predestinasjon og ulike framstillingar av Calvin si rolle i avrettinga av Michael Servetus kan forklare noko av dette.

²⁵ Calvin, *Instit.* lii.

Det er ikkje ei enkel oppgåve å tolke Calvin. Til dels kjem dette av Calvin sitt store og oppdelte verk der *Institutta* og bibelkommentarane fungerer side om side. Få har lest alt Calvin har skrive og sjølv har eg berre lest ein liten del av arbeidet hans. I tillegg gjer dei århundra som har gått, at mange av Calvin sine ord og tenkemåten hans kan virke framand. Det kan vere nyttig å følge Battles sine ord om dette:

«Calvin’s clarity of expression may at first lead the reader to suppose that his thought is easy to grasp. Actually, he lays heavy demand upon the mind, and some of those best versed in his writings have confessed the difficulty of explaining some elements of his thought. Interpretations of his theology have often clashed, and in our day a persistent debate over important aspects of his teaching in the Institutes has been a salient feature of Protestant theological discussion. This is the common fate of a classic treatise. It is an arsenal for later thinkers, and when it has become a means of bringing to expression their nascent ideas the temptation is strong to think of it as a testimonial to the new formulation rather than to allow it to make its own fresh impression.»²⁶

Ein bør vere særskild varsam med å oppsummere *Institutta* i hovudtema. Calvin skriv at han prøver å gi ei kort oppsummering av ei rekke sider av teologien.²⁷ Difor er det ei krevjande oppgåve å finne eit tema som syr saman heile verket.

Når det gjeld Calvin sin argumenterande stil, vil ein moderne leser ofte oppdage at Calvin tonar ned eller løftar fram tema på ein annan måte enn vi ville gjort i dag. Pavedømmet og katolsk teologi får naturleg nok meir plass i Calvin, enn det ville gjort om verket vart skrive i dag. Ein bør også merke seg at Calvin til tider utsett å diskutere den andre enden av tema. Han kan snakke lenge om forakt for denne verda før han åtvarer mot å gå for langt å forakte dei gåvane Gud gir oss i denne verda. Han garderer seg ikkje umiddelbart, men skriv lenger avsnitt før han garderer mot den motsette fallgruva. Battles skriv:

«The Institutes is, in a sense, a book of antitheses. This is a frustrating feature for the new reader who hopes that each topic dealt with will be thoroughly settled before the next is taken up. It is frustrating, too, for the orderly, tidy, philosophically-minded theological critic who seeks to reduce the whole to its essence. Calvin, it would seem,

²⁶ Calvin, *Instit.* lii.

²⁷ Calvin, *Instit.* 3.6.1. Sjå også Calvin, *Instit.* ixx.

eludes both. He is a Scriptural theologian first, and a user of philosophy, logic, rhetoric – all human tools of organisation – only second.»²⁸

Om vi skal tolke Calvin rettferdig må vi ta omsyn til hans eigen plan for verket han skriv. Calvin skiller tydelig mellom *Institutta* og bibelkommentarane, slik at han i kommentarane kan vise til *Institutta* om lesaren er interessert i systematikken bak tolkninga. Han kan også overlate grundig eksegese til kommentarane og slik spare plass i *Institutta*. Calvin skriv: «By nature I love brevity.»²⁹ Dette ligg truleg til grunn for at han deler eksegesen og systematikken slik. Likevel er det verdt å diskutere at forfattaren av eit så langt verk hevdar å fatte seg kort. Calvin skriv langt, men samtidig er dette eit meir konsist verk enn det kunne ha vore.³⁰ Ønsket om å vere kort er ikkje synleg på utsida ettersom boka er lang, men Calvin skriv kortare enn han kunne ettersom målet er å introdusere kristen lære. John McNeill seier i introduksjonen:

«It is well remarked by Émile Faguet that although the claim of brevity may seem laughable to modern readers, it is justified in the fact that his phrases are ‘not overloaded’ and that ‘though he has some wearisome passages, he has no verbiage.’ With few exceptions his sentences and paragraphs are packed with thought and have all the condensation possible without sacrifice.»³¹

²⁸ Ford Lewis Battles and John Walchenbach, *Analysis of the Institutes of the Christian Religion of John Calvin* (Phillipsburg, N.J.: P & R Pub., 2001), 19.

²⁹ Calvin, *Instit.* 3.6.1.

³⁰ Calvin, *Instit.* lxx.

³¹ Calvin, *Instit.* lxx.

Kapittel 2

TAYLOR - DEN AUTENTISKE TID

2.1 Den autentiske tid

Då Vesten vart sekulær

Ei rekke kulturelle observatørar har merka eit aukande fokus på individet i Vesten. Ein av dei er den kanadiske filosofen Charles Taylor. I boka «A Secular Age» framstiller han ei analyse av vestleg sekularisme som prøver å forklare korleis kulturen kom dit den er i dag. Han følger ikkje enkle forteljingar som seier: «før trudde folk på Gud, men no veit vi betre.» I staden for legg han fram ei alternativ forteljing; den viser at endringa frå eit religiøst til eit sekulært samfunn var alt anna enn automatisk. Om den ikkje var automatisk, så kan vi heller ikkje vere nøgde med framstillingar om at det sekulære var uunngåeleg. James K. A. Smith, ein amerikansk filosof, framstiller Taylor sitt verk som ein invitasjon til å teste ut ein ny forklaringsmodell for opphavet til vår tid.³² Sekulariseringsteoriar som forutsa at interessa for det åndelege skulle forsvinne frå Vesten har vist seg å ikkje stemme.³³ Taylor vil difor tilby ein alternativ modell som kan forklare den åndelege lengselen som kan sjåast i det sekulære Vesten.³⁴ Kvifor hadde tv-serien «åndenes makt» høge sjåartal i mange år?³⁵ Kvifor er mange fasinert av det åndelege, sjølv om dei kanskje avviser «organisert religion»? Taylor si forklaring er kompleks og den omtalar prosessen som måtte til for at gudløyse skulle bli eit tenkeleg alternativ. Han skriv: «One way to put the question that I want to answer here is this: why was it virtually impossible not to believe in God in, say, 1500 in our Western society, while in 2000 many of us find this not only easy, but even inescapable?»³⁶

³² James K. A. Smith, *How (not) to Be Secular: Reading Charles Taylor* (Grand Rapids, Michigan: William B. Eerdmans Publishing Company, 2014), 69.

³³ Jf. Endringane i Peter Berger sitt syn på saka.

³⁴ Smith, *How (not) to Be Secular*, ix.

³⁵ Camilla Veka, “Rekord-Sterk Start for Åndenes Makt,” *NRK*, accessed June 12, 2016, <https://www.nrk.no/kultur/rekord-sterk-start-for-andenes-makt-1.11229333>.

³⁶ Taylor, *A Secular Age*, 25.

Taylor framstiller middelalderen som ei tid der ting heng saman. Det var nærmest umogleg å ikkje tru på Gud, for ein såg seg sjølv som ein del av eit kosmos fylt av meinings og åndelege aktørar. Kosmos, slik Taylor bruker det, viser ikkje berre til det materielle universet, men til eit samspele mellom det materielle og det åndelege. For eksempel bygde sjølve samfunnet på makta som Gud hadde gitt kongen, og om ein forkasta Gud, så forkasta ein også landet og lokalsamfunnet sitt.³⁷ Gud var altså ein sjølvsagt del av livet i Vesten i år 1500. Trua var støtta av det Taylor kallar «unthought», altså sanningar som er så sjølvsagde at ein ikkje tenker på dei.³⁸ Middelalderen var ei mystisk tid, Taylor kallar den «enchanted», ettersom livet hadde mange fleire aktørar enn berre menneske.³⁹ Her treng vi ikkje berre å tenke på nøkken i elva, men på englar og demonar, på himmel og helvete og på eit kosmos fylt av meinings utanfor menneske.⁴⁰ Denne «magien» må brytast før ein i det heile kan tenke seg det verdsbiletet som er vanleg for mange vestlege i år 2000. Taylor kallar prosessen for «disenchantment», og det innebar å endre sjølvsagde delar av det rådande verdsbiletet.⁴¹ Først måtte menneske «polstrast», fordi ein trengte eit vernande lag mellom seg sjølv og ei verd full av farar.⁴² Dette skjedde ved ei endring i korleis folk fann meiningsa med livet. Smith forklarer det slik:

«Taylor’s account of disenchantment has a different accent, suggesting that this is primarily a shift in the *location* of meaning, moving it from ‘the world’ *into* ‘the mind.’ Significance no longer inheres in things; rather, meaning and significance are a property of minds who perceive meaning internally.»⁴³

³⁷ Taylor, *A Secular Age*, 25.

³⁸ Smith, *How (not) to Be Secular*, 80. Taylor, *A Secular Age*, 30.

³⁹ Taylor, *A Secular Age*, 32.

⁴⁰ Taylor, *A Secular Age*, 32.

⁴¹ Taylor får uttrykket frå Max Weber. Taylor, *A Secular Age*, 26.

⁴² Taylor skil mellom «the porous self» og «the buffered self.» Sjå Smith, *How (not) to Be Secular*, 140-143.

⁴³ Smith, *How (not) to Be Secular*, 28-29. Smith si uthaving.

Når tydning og meining no vert noko ein ber med seg, så har ein tatt det første skrittet mot ein polstra eksistens der demonane ikkje straks vil ta deg om du forlater Gud. Det indre menneske får ei auka tydning, og på sikt opnar det seg mogleheter som før var næraast utenkelege.

Det er utanfor målet med denne oppgåva å gi ei full innføring til Taylor sitt verk, men denne rørsla frå det ytre til det indre er svært interessant. Taylor spører overgangen frå at «alle» gjekk ut frå at dei var ein del av eit åndeleg kosmos, til «exclusive humanism» der livet gir meining utan å vise til noko større enn menneskeheita.⁴⁴ Kosmoset krympar til eit kaldt, tomt og nationalistisk univers. Samfunnsstrukturen misser også koplinga til Gud ettersom kongen ikkje lenger er innsett av han. Ettersom ein berre står att med det menneskelege, må ein skape ei ny form for meining. Menneskeleg framgang blir det viktige, og dette blir framstilt som ei oppgåve ein både kan forstå og oppnå utan hjelp frå Gud.⁴⁵ Resultatet er ifølge Taylor ei sekulær tid, men framleis kan ein merke tapet av det overmenneskelege.⁴⁶ Taylor omtalar vår sekulære tid som ein eksplosjon av alternativ for eit liv med meining. Ei tid der vi omgir oss med folk som trur noko anna enn oss sjølve. Forsøket på å skape si eiga meining er ikkje ein fullstendig suksess: det pluralistiske klima i Vesten har nemleg eit stort rom mellom aggressiv ateisme og skråsikker religion. I dette rommet finn ein ateistar som er «heimsøkt» av kjensla av at noko manglar.

«How to describe this sense? Perhaps in terms like these: our actions, goals, achievements, and the like, have a lack of weight, gravity, thickness, substance. There is a deeper resonance which they lack, which we feel should be there.»⁴⁷

I tillegg finn ein religiøse som er plaga av tvil og åndeleg sokande menneske som trur på «noko», men ikkje veit kva. Overgangen til «exclusive humanism» er altså ikkje fullstendig

⁴⁴ Taylor, *A Secular Age*, 19.

⁴⁵ Smith, *How (not) to Be Secular*, 49-50.

⁴⁶ Taylor skiller mellom sekulær 2 og sekulær 3. Smith oppsummerer slik: «Secular₂: A more ‘modern’ definition of the secular as *areligious*. ... Secular₃: Taylor’s notion of the secular as an age of contested beliefs, where religious belief is no longer axiomatic. It is possible to imagine *not* believing in God.» Smith, *How (not) to Be Secular*, 142.

⁴⁷ Taylor, *A Secular Age*, 307.

og Taylor nemner to moglege grunner til dette: kanskje treng vi meir tid til å legge av oss spøkelsa frå fortida, eller kanskje klarer vi ikkje å komme til ro med at denne verda er alt som finst, nettopp fordi den ikkje er alt som finst.⁴⁸

Expressive individualism

Denne prosessen med å fylle livet sitt med meinings har tatt ei ny form dei siste tiåra, med sekstitallet som eit symbolsk vendepunkt.⁴⁹ Taylor kallar dette «The Age of Authenticity», altså den autentiske tid, og han siktar til det som ofte vert kalla post-modernismen. Til forskjell frå *post-modernismen*, tolkar ikkje Taylor den autentiske tid som eit brot med det moderne. I staden for er det i den autentiske tid eit auka fokus på individet, som er i tråd med modernismen, romantikken og opplysningstida.⁵⁰ Det vi ser i den autentiske tid er den same rørsla innover i mennesket, men no i ei spissa form. Taylor kallar drivkrafta bak dette «expressive individualism», eller «uttrykkande individualisme».⁵¹ Taylor omtalar det slik:

«The understanding ... that each one of us has his/her own way of realizing our humanity, and that it is important to find and live out one's own, as against surrendering to conformity with a model imposed on us from the outside, by society, or the previous generation, or religious or political authority.»⁵²

I den autentiske tid må ein kvar person legge ut på ei indre oppdagingsferd for å finne si eiga meinings. Det viktigaste er ikkje kva ein finn, men at ein sjølv har valgt det. Ein tenker at berre det som verkeleg passer *meg* kan fylle det indre tomrommet. Denne tendensen vert forsterka av at reklameindustrien spelar på denne oppdagingsferda. Taylor påpeikar at i den autentiske tid er produkta vi vel, ofte svært viktige for identiteten til kjøparen. Produkt vert slik viktigare enn samfunnsinstitusjonar, ettersom desse ikkje er sjølvvalgte.⁵³ Ein kan få høyre til ei gruppe om ein kjøper den nyaste iPhoneen eller går på fotballkamp, men desse

⁴⁸ Smith, *How (not) to Be Secular*, 76.

⁴⁹ Taylor, *A Secular Age*, 427.

⁵⁰ Taylor, *A Secular Age*, 427. Smith, *How (not) to Be Secular*, 74-77.

⁵¹ Taylor, *A Secular Age*, 473.

⁵² Taylor, *A Secular Age*, 475. Smith, *How (not) to Be Secular*, 85.

⁵³ Taylor, *A Secular Age*, 484. Smith, *How (not) to Be Secular*, 86.

relasjonane er tynne og kortvarige.⁵⁴ Altså fjerner ikkje den autentiske tid kjensla av tomheit, men den framstiller likevel ein måte å løyse problemet på. Den autentiske tid skaper ei forventning om at kvar einskild må velje sitt eige liv. Ein må finne meiningsberande og ein må finne det gode liv, men århundrer med «disenchantment» betyr at alternativa er avgrensa. Ein får ikkje lenger meiningsberande om å sjå sin plass i eit mystisk kosmos, ein må skape sin plass i eit kaldt univers. Den uttrykkande individualismen må sjå innover etter svar, for dei ytre alternativa er for svekka til å vere meiningsberande.

Den autentiske tid er altså ei epoke av «expressive individualism.» Det er ei tid der individet sine autentiske val er sentrale. Det viktige for Taylor si analyse er ikkje kva folk vel, men at dei intuitivt kjenner at dei må velje. Difor kan ein forvente stor variasjon i livssyn og uttrykksform. Slik kan vi sjå eit slektskap mellom ungdom som vel ein homofil livsstil og ungdom som vel ein tradisjonell katolsk livsstil. Vala er ulike, men begge vel truleg det dei opplever at passer for dei. I staden for å følge i andre sine fotspor, vil mange finne sin eigen veg. Ein ser innover og uttrykker det ein ser som sitt autentiske «eg.» Det er denne rørsla innover i oss sjølve som er mest interessant med den autentiske tid. Sjølve fokuset innover er ikkje nytt, Taylor ser det som ei oppfinning frå Romantikken, men det er nytt at det har utvida seg nok til å påvirke heile epoken vi lever i.⁵⁵ I den autentiske tid har uttrykkande individualisme stor kraft og for mange vert det håpet om eit godt liv.

Håpet om eit godt liv

I den autentiske tid er håpet om eit godt liv altså knytt til fridomen til å velje. Om ein kan finne ut kven ein verkeleg er, for å deretter velje å leve etter den identiteten, då vil ein bli lykkeleg. Difor er det ikkje overraskande at mange ser intoleranse som den store synda. For om fridommen vert avgrensa utanfrå, står ein i fare for å miste seg sjølv. Slik er respektfull usemje satt under press. For om ein avgrenser fridomen, er det som om ein angrip sjølve identiteten til den andre. Også om fridommen vert avgrensa innanfrå av låg sjølvkjensle eller uvisse, så er også dette hinder som må overvinnast. For berre om ein er fri til å legge ut på si indre oppdagingsferd og fri til å velje det livet ein sjølv vil ha, vil ein få eit godt liv. Håpet

⁵⁴ Taylor, *A Secular Age*, 482. Smith, *How (not) to Be Secular*, 87.

⁵⁵ Taylor, *A Secular Age*, 473, 475.

om eit godt liv er altså i den autentiske tid knytt til ei rørsle innover. Ein vandrar på ei indre reise som alle må ta seg føre. Ei reise der det viktigaste ikkje er kva du finn, men at det du finn stemmer med ditt eige indre.

Dette håpet om eit godt liv legg difor eit stort press på individet. Medan ein i andre samfunn kan få dette håpet ved å følge i fotspora til sine foreldre, eller andre ytre faktorar, så må ein i den autentiske tid finne sin eigen veg. Dette legg ei forventning på alle til å ta autentiske val. Slik blir utdanning, karriere, og livsstil val som veg tungt. Ein må ikkje berre finne ein jobb, men ein må finne ein jobb som «er meg.» Slik blir uttrykkande individualisme ei øving i å stadig søkje sitt eige indre slik at ein kan velje det autentiske. Eit godt liv må difor skapast av ei rekke val som stemmer med sitt eige indre. Ein må finne seg sjølv, vere seg sjølv, seie det ein meiner, stole på kjenslene sine og ikkje høyre på dei som seier i mot. Taylor trekk det fram i definisjonen av uttrykkande individualisme at ein ikkje kan nøye seg med å tilpasse seg ytre forventningar.⁵⁶ Dei føringane som vert lagt av historia eller av religion må difor vurderast av den enkelte, og tilpassast slik at dei ikkje står i vegen for å vere den ein er.

No som vi har sett Taylor si forståing av den autentiske tid, kan vi gå vidare til Calvin sitt verk. Taylor si analyse gir ein nyttig kontrast til Calvin si forståing av menneske og håpet.

⁵⁶ Taylor, *A Secular Age*, 475.

Kapittel 3

CALVIN – VI ER TOMME, HÅPET ER KRISTUS

3.1 Å kjenne Gud og å kjenne seg sjølv

Vi kan lære mykje om Calvin sin grunntanke frå dei første orda i *Institutta*. Han skriv: «Nearly all the wisdom we possess, that is to say, true and sound wisdom, consists of two parts: the knowledge of God and of ourselves.»⁵⁷ Dette samspelet mellom å kjenne Gud slik han har openberra seg og å kjenne oss sjølve slik vi verkeleg er, står altså sentralt i Calvin si lære. Men Calvin seier at det er vanskeleg å vite kva som kjem først av dei to.⁵⁸ For utan å kjenne oss sjølve kan vi ikkje kjenne Gud, og utan å kjenne Gud kan vi ikkje kjenne oss sjølve. Calvin seier det slik:

«In the first place, no one can look upon himself without immediately turning his thoughts to the contemplation of God, in whom he ‘lives and moves’ [Acts 17:28]. For, quite clearly, the mighty gifts with which we are endowed are hardly from ourselves; indeed, our very being is nothing but subsistence in the one God.»⁵⁹

Han forventar altså at om vi reflekterer over kven vi er, så vil vi byrje å leite etter kjelda for dei gode gavene vi har fått. Han held fram:

«Then, by these benefits shed like dew from heaven upon us, we are led as by rivulets [norsk: bekkar] to the spring itself. Indeed our very poverty better discloses the infinitude of benefits reposing in God. The miserable ruin, into which the rebellion of the first man cast us, especially compels us to look upward. Thus, not only will we, in fasting and hungering, seek thence what we lack; but, in being aroused by fear, we shall learn humility.»⁶⁰

Her ser vi for første gong den rørsla som vi no skal sjå nærmere på. Når Calvin reflekterer over mennesket ser han at vi er tomme, sultne og øydelagde i oss sjølve. Reaksjonen hans til dette

⁵⁷ Calvin, *Instit.* 1.1.1.

⁵⁸ Calvin skriv: «But, while joined with many bonds, which one precedes and brings forth the other is not easy to discern.» Calvin, *Instit.* 1.1.1.

⁵⁹ Calvin, *Instit.* 1.1.1.

⁶⁰ Calvin, *Instit.* 1.1.1.

er å leite etter ei kjelde til det gode i menneske, ei kjelde som er utanfor oss sjølve. Calvin si rørsle er altså ikkje først innover, men først utover. Han vurderer det indre som ei uegna kjelde til håp, for det indre er øydelagt av synd. I staden vert Calvin leia på si eiga ferd der han «følger bekkane av godheit» oppover, og finn ut at Gud er kjelda til det gode i syndige menneske. Mennesket er altså i ein fortvilt situasjon i synd og dom, men dette vert då grunnlaget som viser oss Gud si godheit og nåde.

Thus from the feeling of our own ignorance, vanity, poverty, infirmity, and – what is more – depravity and corruption, we recognize that the true light of wisdom, sound virtue, full abundance of every good, and purity of righteousness rest in the Lord alone.⁶¹

Vi merkar at Calvin arbeider i eit tankeunivers som er ulikt den autentiske tid. Når Calvin set ord på tomheita i oss sjølve, viser han til eit menneskesyn der eit kvart menneske i utgangspunktet er i ein fortvilt situasjon. Uvite, forfengelegheit, fattigdom og skrøpelegdom er ei dyster framstilling av mennesket, men slik presenterer Calvin dei menneska som ikkje kjenner Gud. Denne skildringa tyder ikkje at han nektar for at det er noko godt i menneske, men han understreker at alt det gode vi finn i menneske er ei gáve frå Gud.⁶² Slik kan vi seie at også Calvin snakkar om å bli leia på ei reise av sitt eige indre. Men dette er ei reise som går utover for å finne svara på fortvilinga i Gud: «Full abundance of every good, and purity of righteousness rest in the Lord alone.»⁶³ Men sjølv om denne rørsla peikar utover, så er det den indre tilstanden som ligg til grunn for den.

«To this extent we are prompted by our own ills to contemplate the good things in God; and we cannot seriously aspire to him before we begin to become displeased with ourselves. For what man in all the world would not gladly remain as he is – what man does not remain as he is – so long as he does not know himself, that is while content with his own gifts, and either ignorant or unmindful of his own misery?»⁶⁴

⁶¹ Calvin, *Instit.* 1.1.1.

⁶² Jf. læra om «common grace» i avsnittet under 3.3.

⁶³ Calvin, *Instit.* 1.1.1.

⁶⁴ Calvin, *Instit.* 1.1.1.

Altså legg ikkje alle ut på denne reisa, for kvifor skulle vi leite etter svar om ikkje noko er feil? Dette får Calvin til å gå vidare til det han ser som eit samspel mellom å kjenne Gud og å kjenne seg sjølv. For igjen er Calvin sitt utgangspunkt at om vi ikkje kjenner Gud, så kan vi heller ikkje kjenne oss sjølve. Han skriv:

«Again, it is certain that man never achieves a clear knowledge of himself unless he has first looked upon God's face, and then descends from contemplating him to scrutinize himself. For we always seem to ourselves righteous and upright and wise and holy – this pride is innate in all of us – unless by clear proofs we stand convinced of our own unrighteousness, foulness, folly, and impurity.»⁶⁵

Altså får vi ei ny rørsle når Calvin stiller Gud og menneske side ved side og gir ei samanlikning. I denne delen av reisa ser ein Gud sin storleik, heilagdom og ære, og så senker ein blikket (uendeleg) for å sjå sin eigen tilstand. Berre slik, i relasjon til Gud, kan menneske forså alvoret i si eiga synd. For om vi berre samanliknar med andre menneske forventar Calvin at vi vil kunne unnskylda oss sjølve, men i møte med Gud blir synda avslørt. Han understreker at rekkevidda av synda er skjult for oss heilt til Gud kjem inn i biletet, og ein kan difor ikkje kjenne seg sjølv før ein kjenner Gud. Vår eiga synd gjer oss til ein dårlig observatør av kven vi er. Ein kan seie at Calvin ser oss som ein dommar som held med heimelaget.⁶⁶ Han prøver slik å ta konsekvensen av at vi aldri har møtt eit menneske utan synd, og difor ikkje har ein målestokk for heilagdom til å vurdere oss sjølve med. Han skriv:

«And because nothing appears within or around us that has not been contaminated by great immorality, what is a little less vile pleases us as a thing most pure – so long as we confine our minds within the limits of human corruption.»⁶⁷

Calvin illustrerer dette med at ein som berre ser svart, vil ta den mørkaste gråfarge som blendande kvit.⁶⁸ For om vi manglar perspektiv så kan vi ikkje skilje mellom lys eller mørke

⁶⁵ Calvin, *Instit.* 1.1.2.

⁶⁶ Calvin, *Instit.* 1.1.2.

⁶⁷ Calvin, *Instit.* 1.1.2.

⁶⁸ Calvin, *Instit.* 1.1.2.

og rett eller galt. Altså er ein nær relasjon til Gud kritisk om vi skal kunne kjenne oss sjølve. Vi må kjenne han og sjå oss sjølve gjennom hans auge før vi kan forvente å ha eit tydeleg bilet av oss sjølve. Slik set Calvin forholdet mellom Gud og menneske heilt fremst i *Institutta* og opnar for resten av verket.

Calvin gjer det tydeleg at dette ikkje er eit møte mellom likemenn.⁶⁹ Vårt møte med Gud er ikkje som ein maur sitt møte med ein elefant. For sjølv om elefanten er ubegripelig stor i forhold til mauren, er dei begge på same skala; om enn i kvar sin ende. Men når menneske i Bibelen møter Gud vert dei ofte gripne av «skrekk og undring» ifølge Calvin.⁷⁰ Han skriv:

«Thus it comes about that we see men who in his absence normally remained firm and constant, but who, when he manifests his glory, are so shaken and struck dumb as to be laid low by the dread of death – are in fact overwhelmed by it and almost annihilated.»⁷¹

Eit eksempel på dette er at menneske har ein tendens til å falle om som døde i møte med Gud.⁷² Calvin trekk fram tekstar som der bibelske figurar forventar å døy når dei har sett Gud.⁷³ Han viser til Job som forstår kor lite han skjønner (Job 38,1ff) og Abraham som forstår at han er støv (1 Mos 18,27). Slik framstiller Calvin møtet mellom mennesket og Gud

⁶⁹ I tråd med den klassiske læra om Gud og til forskjell frå «open theism.» For meir sjå: Peter Sanlon, *Simply God: Recovering the Classical Trinity* (Nottingham, England: IVP, 2014). Eller Paul Helm sitt arbeid om tema.

⁷⁰ Calvin, *Instit.* 1.1.3.

⁷¹ Calvin, *Instit.* 1.1.3.

⁷² Ein ser dette når Jesus openberrer seg til Paulus (Apg 9,4), når Daniel fell «i uvit med andletet mot jorda» i møtet med menneskesonen (Dan 8,18; jf.10,9), og når Esekiel ser lyset av Herrens herlegdom og kaster seg med ansiktet mot jorda (Esek 1,28). Ein ser det kanskje også når vaktstyrka kjem for å gripe Jesus og dei fell til jorda (Joh 18,6). I Johannes openberring ser ein også noko liknande når det står: «Og dei sa til fjella og hamrane; ‘Fall over oss og løyn oss for andletet til han som sit på trona, og for vreiden til Lammet. For den store vreidedagen er komen, og kven kan då bli ståande?’» (Op 6,16-17)

⁷³ Calvin, *Instit.* 1.1.3. Dom 13,22; 6:22-23; Jes 6,5; Esek 2,1; 1:28.

som noko så majestetisk at menneske dør om ikkje Gud er nådig. Calvin forheld seg til ein Gud som er så herleg at syndige menneske ikkje toler det.

Calvin konkluderer det første kapittelet med at sjølv om kjennskapen til Gud og kjennskapen til seg sjølv er samankopla, må ein først ta for seg kjennskapen til Gud.⁷⁴ Calvin vil altså vise lesaren ei reise som startar med å kjenne Gud. Vi merkar oss altså at den første rørsla altså er den som går utover.

Å ikkje kjenne Gud

Problemet Calvin møter er korleis ein i det heile kan kjenne Gud. Han skil det å kjenne Gud frå vedkjenningsa om at Gud er til. Det er ein ting å vite at det finst ein Gud, men for Calvin er det ikkje nok til å kunne omtala som eit kjennskap.⁷⁵ Han skriv: «Indeed, we shall not say that, properly speaking, God is known where there is no religion or piety.»⁷⁶ Eit sant kjennskap til Gud viser seg altså i eit rett liv og er ikkje avgrensa til å samtykke i at Gud finst.

«Here I do not yet touch upon the sort of knowledge with which men, in themselves lost and accursed, apprehend God the Redeemer in Christ the Mediator; but I speak only of the primal and simple knowledge to which the very order of nature would have led us if Adam had remained upright. In this ruin of mankind no one now experiences God either as Father or as Author of salvation or favorable in any way, until Christ the Mediator comes forward to reconcile him to us.»⁷⁷

Overraskinga for lesaren på dette punktet er at Calvin hevdar at alle menneske veit at Gud er til.⁷⁸ Calvin fremmar tanken om at ein sann ateisme er umogleg. Han har altså i starten av

⁷⁴ Calvin, *Instit.* 1.1.3.

⁷⁵ Jf. Jak 2,19-20: «Du trur at Gud er éin? Det gjer du rett i. Dei vonde åndene trur det same – og skjelv! Vil du ikkje skjøna, du tankelause menneske, at tru utan gjerningar er til inga nytte?»

⁷⁶ Piety eller *pietas* er eit sentralt omgrep i Calvin som vert utdjupa seinare (Sjå 3.4). Calvin, *Instit.* 1.2.1

⁷⁷ Calvin, *Instit.* 1.2.1.

⁷⁸ Michael Horton påpeikar koplinga til Cicero: «In fact, much of this entire first section of the *Institutes* is a running commentary on Cicero's *On the Gods*.» Horton, *Calvin on the Christian Life*, 49. Jf. Calvin, *Instit.* 1.3.1.

verket sitt tatt oss inn i spørsmålet om ein naturleg teologi.⁷⁹ I likskap med den særskilde openberringa som Gud har gitt i Det gamle og Det nye testamentet, vitnar skaparverket til alle menneske om at dei må kjenne Gud.⁸⁰ Men skaparverket leiar oss ikkje til ein sann kjennskap til Gud, fordi den blir hindra av syndefallet. Alle menneske «kjänner» Gud, men på grunn av syndefallet er det ingen som naturleg kjenner han som ein god Far og frelsar. Syndefallet har, ifølge Calvin, stengt døra for ei naturleg openberring av Gud.⁸¹ For om vi før syndefallet kunne kome til ein ekte kjennskap til Gud, utan ei særskild openberring, så kan vi det ikkje lengre. Dette betyr ikkje at den generelle openberringa ikkje lenger er der, men at den er blokkert og ikkje kan brukast til å kjenne Gud slik han er openberra i evangeliet.⁸² Om ein ser majestetisk natur så opnar Calvin for at det er mogleg å forstå litt av Gud si godheit. Likevel opnar han ikkje for at skaparverket kan forklare oss evangeliet om Gud sin nåde mot syndarar.⁸³

«It is one thing to feel that God as our Maker supports us by his power, governs us by his providence, nourishes us by his goodness, and attends us with all sort of blessings – and another thing to embrace the grace of reconciliation offered to us in Christ.»⁸⁴

Altså er nåden skjult for oss i skapinga sitt vitnesbyrd om Gud, og utan den nåden er det ikkje mogleg for syndarar å ha eit rett forhold til Gud. Det er ikkje slik at menneske berre er eit uskyldig offer for manglande informasjon. Ifølge Calvin spelar menneska sjølv ei aktiv rolle i å halde den sanne kunnskapen om Gud på avstand. Romerbrevet sitt første kapittel står sentralt i denne diskusjonen:

⁷⁹ Naturleg teologi har vore eit omstridt tema, både i reformasjonen og seinare. Eit eksempel er striden mellom Karl Barth og Emil Brunner om dette spørsmålet. Brunner sine refleksjoner i «Nature and Grace» vart møtt av Barth sitt «Nein!»

⁸⁰ Calvin, *Instit.* 1.6.4.

⁸¹ Calvin, *Instit.* 1.2.1.

⁸² Calvin, *Instit.* 1.2.1.

⁸³ Horton, *Calvin on the Christian Life*, 54.

⁸⁴ Calvin, *Instit.* 1.2.1.

«Guds vreide blir openberra frå himmelen over alt ugudeleg og all urett hos menneske som held sanninga nede i urett. For det ein kan vita om Gud, ligg ope framfor dei; Gud har sjølv lagt det ope fram. For hans usynlege vesen, både hans evige kraft og hans guddom, har menneska kunna sjå og skjøna av gjerningane hans heilt frå verda vart skapt. Difor har dei ikkje noko å unnskylda seg med.»⁸⁵

Calvin finn i Paulus tanken om at alle menneske burde ha sett Gud og kjend han, ettersom «Gud har sjølv lagt det ope fram.»⁸⁶ Calvin trekk ut av dette at dei som ikkje trur på Gud «held sanninga nede i urett.» Calvin skriv:

«As experience shows, God has sown a seed of religion in all men. ... some may evaporate in their own superstitions and others deliberately and wickedly desert God, yet all degenerate from the true knowledge of him. And so it happens that no real piety remains in the world.»⁸⁷

Synda gjer at vi ikkje er nøytrale i møte med skapinga si openberringa av Gud. Alle står imot denne generelle openberringa av Gud, om enn på ulike måtar. Dette gjer at det er behov for ei særskild openberring frå Gud som viser at Gud er nådig mot syndarar. Ei openberring som på ny viser oss kven Gud er og kven vi er.⁸⁸ For om ein syndar høyrer eit rykte frå skaperverket om ein allmektig og heilag Gud, så vil det straks melde seg ei rekke grunnar til å unngå denne Gud. For utan nåden, vil Gud framstå som ein dommar og ein trussel mot livet vårt.⁸⁹ Altså er det ikkje ønskeleg å kjenne Gud, om ein ikkje først får nåden hans openberra. Utan dette vil eit kvart menneske ha eit ønske om ein annan gud enn den sanne, og slik blir også alle skyldige i å velje han vekk.

⁸⁵ Rom 1,18-20.

⁸⁶ Rom 1,19. Calvin, *Instit.* 1.5.1.

«God is in himself invisible; but as his majesty shines forth in his works and in his creatures everywhere, men ought in these to acknowledge him, for they clearly set forth their Maker» Jean Calvin, “Commentary on Romans,” trans. John Owen, *Christian Classics Ethereal Library*, accessed September 6, 2016, <http://www.ccel.org/ccel/calvin/calcom38.xii.v.html>, Rom 1:20.

⁸⁷ Calvin, *Instit.* 1.4.1.

⁸⁸ Horton, *Calvin on the Christian Life*, 50.

⁸⁹ Calvin, *Instit.* 1.4.2.

Calvin seier at vi er skyldige på grunn av dette valget, og at avstanden til Gud slik sett er vår eigen feil.⁹⁰ Her viser Calvin mellom anna til Jesus sine ord i Johannes 4,22: «De tilbed det de ikkje kjenner; vi tilbed det vi kjenner, for frelsa kjem frå jødane.» Her seier Jesus til den Samaritanske kvinnen at ho ikkje kjenner det ho tilber. Calvin skriv at dette verset lærer oss at gode intensjonar ikkje er nok, for utan Guds ord så vil vi gå feil.⁹¹ For utan openberringa i Bibelen vil vi ikkje ønske å kjenne Gud slik han er. I staden vil vi velje han vekk om vi møter han. Ettersom det er ønskeleg at den sanne Gud ikkje finst, så oppfyller vi vårt eige ønske ved å unngå han. Altså er ikkje spørsmålet for Calvin om ein person er ateist eller religiøs, men om ein kjenner den sanne Gud eller unngår han. Menneske som er positivt innstilt til det åndelege og som søker ein gud, kan heller ikkje dra nytte av den naturlege openberringa ifølge Calvin. For når vi møter Gud så får synda oss til å flykte frå han og til å halde sanninga om han nede.⁹²

Calvin har altså eit alvorlig syn på menneske sin situasjon etter syndefallet. Kjennskapen til Gud er tapt og menneske kan ikkje finne tilbake til den utan hjelp. Det er altså store hinder i vegen for at ein kan ta til på den reisa som Calvin presenterte i starten av verket. Problemet er dermed dramatisk. For utan denne kjennskapen til Gud kan ein heller ikkje få ein sann kjennskap til seg sjølv, og det vil heller ikkje finnast nokon løysing på menneske sin fortvilte tilstand. Men Calvin held fram med å ta lesaren djupare inn i problemet før han presenterer løysinga.

⁹⁰ Calvin, *Instit.* 1.5.15.

⁹¹ «All good intentions, as they are called, are struck by this sentence, as by a thunderbolt; for we learn from it, that men can do nothing but err, when they are guided by their own opinion without the word or command of God.»

Jean Calvin, “Commentary on John,” trans. William Pringle, Christian Classics Ethereal Library, accessed September 16, 2016, <http://www.ccel.org/ccel/calvin/calcom34.i.html>.

⁹² Calvin, *Instit.* 1.5.14. Horton, *Calvin on the Christian Life*, 52.

Avgudsdyrking

Forholdet til Gud er ikkje berre tapt, men er ifølge Calvin også erstatta med eit alternativ. Dette kan vere ein framand tanke for mange i Vesten ettersom statuar av avgudar er sjeldne. Men når Calvin snakkar om avgudar så siktar han til tilbeding av alt anna enn den sanne Gud, sjølv om dette kan inkludere idol eller statuar, er det ikkje avgrensa til det. Calvin omtaler menneskenaturen som ein «avgudsfabrikk», ettersom stoltheit leier oss til å skape ein gud etter våre eigne ønsker. Han skriv: «From this we may gather that man's nature, so to speak, is a perpetual factory of idols.»⁹³ Dette fører han til ein utvida diskusjon om den Romersk katolske kyrkja si bruk av ikon, men kjerna av problemet er altså at ein tilber ein gud som ein sjølv har skapt.⁹⁴ Calvin skriv: «Man's mind, full as it is of pride and boldness, dares to imagine a god according to its own capacity.»⁹⁵ Dette gir altså enno eit hinder for Calvin sitt mål om kjennskap til den bibelske Gud. Calvin vil at vi skal kjenne Gud slik at vi fryktar han og lærer å søke alt godt frå han.⁹⁶ I staden for ender vi i overtru ettersom vi ikkje kjenner Gud. For hadde vi kjent han ville vi ikkje dikta opp ei tilbeding som er nærast motsett av det han ønsker seg.

«Seizing almost solely upon what God has testified to be of no concern to himself, superstition either holds in contempt or openly rejects that which he prescribes and enjoins as pleasing to himself. ... Unless they had first fashioned a God to match the absurdity of their trifling, they would by no means have dared trifle with God in this way.»⁹⁷

⁹³ Calvin, *Instit.* 1.11.8.

⁹⁴ Calvin, *Instit.* 1.11.1-15.

⁹⁵ Calvin, *Instit.* 1.11.8.

⁹⁶ Calvin, *Instit.* 1.2.2.

«Rather, our knowledge should serve first to teach us fear and reverence; secondly, with it as our guide and teacher, we should learn to seek every good from him, and having received it, to credit it to his account.

⁹⁷ Calvin, *Instit.* 1.4.3.

Ifølge Calvin er Gud ein slik majestet at vi ikkje kan kjenne han utan å frykte han og elske han.⁹⁸ Det er først når ein har skapt seg eit avgudsatilet at ein kan våge å forkaste Gud sine ønsker og skape si eiga overtru. For Calvin blir det difor eit sentralt argument både mot andre religionar og mot katolske tradisjonar, at ein ikkje kan dikte opp ei form for tilbeding av Gud.⁹⁹ Han seier: «the pious mind does not dream up for itself any god it pleases, but contemplates the one and only true God.»¹⁰⁰ Det er altså ikkje nok for Calvin å vere religiøs. Det som er interessant er om ein kjenner den sanne Gud eller ikkje, og utan ei openberring frå Gud så har vi ikkje den kjennskapen.

Her er det eit interessant slektskap mellom Calvin og Taylor, for i Taylor si analyse finn ein referanser til «pre-shrunk religion.»¹⁰¹ Taylor siktar til at den kristendommen som vert forkasta, ofte ikkje er den fulle bibelske kristendommen, men ein slags «light-variant.» Når denne krympa religionen skal forsvare seg sjølv, så taper den raskt ettersom sentrale element er gitt opp på førehand. Calvin bruker ein liknande apologetikk når han seier at ein er avhengig av ein «stråmann-gud» for at ein fritt skal kunne skape si eiga gudsdyrkning. For berre etter ein har satt til sides den sanne Gud – kjelda til alt godt – kan ein byrje å leite etter andre kjelder til det gode. For Calvin er tilbeding av Gud knytt til å søke alt godt i han. Difor vil også tilbeding av avgudar innebere å søke det gode frå dei. Calvin ser ut til å stadfeste dette seinare i verket når han skriv: «For what is idolatry if not this: to worship the gifts in place of the giver himself?»¹⁰² Om ein tilber Guds gåver og søker det gode frå det skapte i staden for Skaperen, då tilber ein avgudar. Alt dette krev ei redusering av Gud; ein kan seie at Gud må av trona før ein annan gud kan komme til. Calvin oppfordrar altså ikkje til å blindt søke utover etter kva gud som helst. For berre om vi finn svaret på vår tomheit i Gud, og ikkje i avgudar, vil vi få den hjelpa vi treng.

⁹⁸ Calvin, *Instit.* 1.2.1. Sjå «guds frykt» under 3.4.

⁹⁹ Calvin, *Instit.* 1.4.3. Fotnote 5, s. 49.

¹⁰⁰ Calvin, *Instit.* 1.2.2.

¹⁰¹ Taylor, *A Secular Age*, 226. Smith, *How (not) to Be Secular*, 51.

¹⁰² Calvin, *Instit.* 4.17.36. Tim Challies, “The Essential: Idolatry,” accessed November 7, 2016, <http://www.challies.com/articles/the-essential-idolatry>.

Å ikkje kjenne seg sjølv

Det er viktig å halde på kompleksiteten i Calvin si framstilling. Det er ikkje slik at Calvin viskar ut antropologi til fordel for teologi. Han seier ikkje berre at vi skal sjå ut mot Gud, men også at vi må kjenne oss sjølve. Sjølv om bok éin av verket tydeleg sett menneske i ei rørsle utover, så er både opphavet til og resultatet av denne rørsla å kjenne seg sjølv. Det er ei forståing av vår eigen fortvilte situasjon som fører oss til Gud for hjelp, samtidig som Gud trekk oss til seg i sin nåde. Det er kjennskapen til Gud som gir oss sann kjennskap til oss sjølve. Svaret for Calvin er altså ikkje eit forenkla «sjå ut», men ei samanveving av vår kjennskap til Gud og til oss sjølve.

Problemet for Calvin er at vi manglar to ting som må til før vi kan kjenne oss sjølve: Den første delen er å sjå kor høgt Gud satte menneske i skapinga og erkjenne at dette er ei gáve frå Gud. Den andre delen er å sjå kor lågt menneske har falt i Adam.¹⁰³ Begge desse har til felles at ein ikkje ser på seg sjølv som uavhengig av Gud. I staden ser ein sin eigen tilstand utan Gud som fortvila, og vender seg til Gud for håp. Calvin skriv:

«Here, then, is what God’s truth requires us to seek in examining ourselves; it requires the kind of knowledge that will strip us of all confidence in our own ability, deprive us of all occasion for boasting, and lead us to submission.»¹⁰⁴

Slik Calvin presenterer det, er det naturleg for menneske å overvurdere sin eigen status. Om Calvin har rett i at kjennskapen til Gud og oss sjølve er samanvevd, så vil ein feil i synet på det eine øydeleggje både for forståinga av oss sjølve og forståinga av Gud. Altså er det svært viktig for Calvin at vi innser kor fortvilt situasjonen vår er utan Gud. Synda gjer oss stolte og denne stoltheita hindrar oss frå å kjenne oss sjølve. For om nokon framstiller menneske sin situasjon som positiv, så vinn dei straks mange tilhøyrarar.¹⁰⁵ Stoltheita i oss gjer at vi ønsker oss skryt og difor høyrer vi på dei som bygger opp kjærleiken til oss sjølve. Stoltheita spelar oss eit puss slik at vi overvurderer vår eigen kjennskap til oss sjølve og våre eigne moralske

¹⁰³ Calvin, *Instit.* 2.1.1.

¹⁰⁴ Calvin, *Instit.* 2.1.2.

¹⁰⁵ Calvin, *Instit.* 2.1.2.

evner.¹⁰⁶ Difor forventar vi at vi skal kunne vere moralske og leve det livet vi burde. Calvin skriv:

«According to carnal judgement, man seems to know himself very well, when, confident in his understanding and uprightness, he becomes bold and urges himself to the duties of virtue.»¹⁰⁷

I staden for stoltheit ønsker Calvin at vi skal sjå den fortvilte tilstanden vi er i, slik at det kan leie oss til å lengte etter Gud sin nåde.¹⁰⁸ Om vi overvurderer oss sjølve, så forventar han at vi også vil undervurdere behovet for nåden. Slik hindrar stoltheit oss frå å kjenne oss sjølve og difor også frå å kjenne Gud.

Synd

Når Calvin tek for seg synd så greier han ut om ein tanke frå starten av verket: «The miserable ruin, into which the rebellion of the first man cast us, especially compels us to look upward.»¹⁰⁹ Ei ærlig analyse av synd vil opne for at vi kan sjå til Gud for å få hjelp. Det vil også hindre stoltheita i å øydelegge kjennskapen vår til oss sjølve. For om vi skal kunne kjenne oss sjølve, må vi ifølge Calvin forstå kva synd er. Han byrjer med å påpeike at Gud si alvorlige straff til Adam etter syndefallet, viser at synda også må vere svært alvorlig.¹¹⁰ Når Calvin tek for seg syndefallet i 1 Mosebok 3 så trekk han fram trulausheit som eit sentralt element:

«Since the woman through unfaithfulness was led away from God's Word by the serpent's deceit, it is already clear that disobedience was the beginning of the Fall. This Paul also confirms, teaching that all were lost through the disobedience of one man. [Rom. 5:19].»¹¹¹

¹⁰⁶ Calvin, *Instit.* 2.1.3.

¹⁰⁷ Calvin, *Instit.* 2.1.3.

¹⁰⁸ Calvin, *Instit.* 2.1.3. Jf. fotnote 3, s. 244.

¹⁰⁹ Calvin, *Instit.* 1.1.1.

¹¹⁰ Calvin, *Instit.* 2.1.4.

¹¹¹ Calvin, *Instit.* 2.1.4.

Menneske heldt seg ikkje til Gud ord, men valgte i staden å følge djevelen. For Calvin er dette eit teikn på at dei ikkje berre var trulause mot ordet, men mot Gud sjølv.

«And surely, once we hold God's word in contempt, we shake off all reverence for him. For, unless we listen attentively to him, his majesty will not dwell among us, nor his worship remain perfect. Unfaithfulness, then was the root of the Fall. But thereafter ambition and pride, together with ungratefulness arose.»¹¹²

Her følger han Augustin tett når han trekk fram stoltheita si rolle i syndefallet. For ved å sjølv sette Guds ord til side så løfter dei seg opp til rolla som Gud. Stoltheita fører dei til ein tilstand der dei ikkje kjenner Gud og ikkje kjenner seg sjølv. Menneske trekk seg slik vekk i frå rolla dei vart skapt til og prøver å gjere seg til Gud. Dette handlar altså ikkje om at dei er litt ulydige, men om ei katastrofal vondskap, ifølge Calvin.¹¹³ Dei hørde Gud sine ord, men når prøvelsen kom så forkasta dei det ordet og hald seg til sin eigen autoritet. Ved å gjere dette har dei også forkasta Gud og fortener hans vreide og straff.

Calvin går så vidare og diskuterer korleis Adam og Eva si synd kan påverke oss i dag:¹¹⁴

«Again, it appears to many absurd, that the defection of our first parents is said to have proved the destruction of the whole race; and, on this accounts they freely bring an accusation against God.»¹¹⁵

Til dømes meinte den britiske teologen Pelagius at vi ikkje arva synda, men at vi får vi del i den same skylda fordi vi imiterer Adam si synd. Augustin levde samtidig med Pelagius og argumenterte mot synet hans. I staden fremma han læra om arvesynd, altså at vi ikkje vert

¹¹² Calvin, *Instit.* 2.1.4.

¹¹³ Calvin, *Instit.* 2.1.4.

¹¹⁴ Calvin, *Instit.* 2.1.5.

¹¹⁵ Jean Calvin, “Commentary on Genesis,” trans. John King, *Christian Classics Ethereal Library*, accessed September 23, 2016, <http://www.ccel.org/cCEL/calvin/calcom01.i.html>, Gen. 3:6.

født nøytrale, for å så seinare bli syndige, men at alle er fødde som syndarar.¹¹⁶ Calvin følger Augustin i dette og viser til Salme 51,7 og Rom 5,12.¹¹⁷ Adam fekk gåver frå Gud på vegne av heile menneskeheita, så når han miste desse gåvene, miste han dei også på vegne av alle.¹¹⁸ Slik vart altså menneske sin natur øydelagd av synd når Adam synda, og eit kvart nyfødt menneske har del i denne same naturen. Calvin seier at dette også gjeld borna til kristne foreldre, sjølv om dei «til ei viss grad får del i foreldra si heilagdom.»¹¹⁹ Resultatet av denne arvesynda er altså katastrofal, for, ifølge Calvin, er synda aktiv og produserer stadig vondskap i oss. Han godtek difor ikkje ein definisjon av arvesynd som berre seier at vi manglar rettferda vi skulle hatt, for sjølv om dette stemmer, så er arvesynda også aktiv.¹²⁰

Denne synda påverkar kvar del av menneske, slik at ikkje noko i oss – verken kropp eller sjel – er urørt.¹²¹ Ingenting i menneske er «immun mot synd» og difor er også kvar del av oss syndig.¹²² Dette betyr ikkje at Calvin fornekta alt godt i menneske, men altså at det som er godt, er påvirkta av synda.¹²³ For dei gode gåvene menneske fekk i skapinga er forvridda og til dels øydelagde av syndefallet. Synda er altså ikkje naturleg, for sjølv om den no er ein del av menneskenaturen, så var det ikkje slik i opphavet. Calvin håper at om vi forstår synda så skal dette leie oss til Gud sin nåde. Difor ser han ut til å vere varsam med å ikkje gi ei opning for tillit til den syndige menneske naturen: Synda si konsekvens er total og katastrofal ifølge Calvin.

¹¹⁶ «But even the infants, not personally in their own life, but according to the common origin of the human race, have all broken God's covenant in that one in whom all have sinned» Augustine, “City of God,” trans. Marcus Dods, *Christian Classics Ethereal Library*, accessed September 23, 2016, <http://www.ccel.org/ccel/schaff/npnf102.iv.XVI.27.html>. 16.27.

¹¹⁷ Calvin, *Instit.* 2.1.5.

¹¹⁸ Calvin, *Instit.* 2.1.7.

¹¹⁹ Calvin, *Instit.* 2.1.7. Jf. Calvin sin tanke om at nyfødde har del i pakta til foreldra: Calvin, *Instit.* 4.16.5.

¹²⁰ Calvin, *Instit.* 2.1.8.

¹²¹ Calvin, *Instit.* 2.1.9.

¹²² Calvin, *Instit.* 2.1.9.

¹²³ Jf. «Common grace» under 3.3.

Menneske er tomt

Så langt har vi sett nokre element av Calvin sin teologi som får han til å konkludere at menneske er tomme og utan det gode. Han skriv: «From those matters so far discussed, we clearly see how destitute and devoid of all good things man is, and how he lacks all aids to salvation.»¹²⁴ Menneske er tomme om ikkje Gud endrer på det i sin nåde. Vi skal no sjå korleis Gud grip inn, men det er verdt å merke seg kor tydeleg Calvin er på at frelsa ikkje kan vere rotfesta i menneske, ettersom synda har øydelagd alt. Calvin åtvarer mot å tenke som Pelagius, heilt eller delvis. Han vil ikkje at vi skal tenke at frelsa er fortent, men i staden vil han avsløre synda slik at nåden kan vere stor og all ære gå til Gud. Det blir altså svært viktig å ikkje sjå inn i seg sjølv for å finne det gode eller for å finne frelse. Difor er det naturleg at Calvin sitt neste punkt er å presentere Jesus som vi bør sjå til. Dette er altså ei rytme som kjem igjen fleire stadar i Calvin sitt verk: vi ser vår eiga tomheit og vender oss ut av oss sjølve og tek imot alt det gode frå Gud ved Kristus.

3.2 Alt godt er i Jesus Kristus

Det sentrale tema for bok to av *Institutta* er kjennskapen til Gud i Jesus Kristus. Calvin kallar boka «The knowledge of God the redeemer in Christ, first disclosed to the fathers under the law, and then to us in the gospel.»¹²⁵ Det er Kristus som er Calvin sitt svar på det menneskelege problemet.

Som nemt er Calvin tydeleg på at alle kjenner Gud ved ei generell openberring, men at syndefallet sett denne openberringa ut av spel¹²⁶. I Kristus får vi ein kjennskap til Gud som ikkje er ein del av den generelle openberringa. I han får vi ei spesiell openberring om at Gud er ein forsonar, og at han er nådig mot syndarar. Det kan vere overraskande at Calvin snakkar om kjennskapen til Kristus i Det gamle testamentet. Men for Calvin står Jesus i sentrum av openberringa om forsoning, både i Det gamle og Det nye testamentet.¹²⁷ Og sjølv om han

¹²⁴ Calvin, *Instit.* 3.20.1.

¹²⁵ Calvin, *Instit.* 2.

¹²⁶ Calvin, *Instit.* 1.2.1. Sjå «Å ikkje kjenne Gud» under 3.1.

¹²⁷ Dette er ikkje unikt for Calvin og kan også finnast i Luther og andre teologar.

bruker tid på å skilje dei to paktene frå kvarandre, så er Kristus sentral i begge: «There are two remaining points: that the Old Testament fathers (1) had Christ as pledge of their covenant, and (2) put in him all trust of future blessedness.»¹²⁸ Kristus har altså alltid vore løysinga på menneska si synd. Håpet for kristne er slik sett ikkje anna enn for Abraham, Isak og Jakob. «Christ the Lord promises to his followers today no other ‘Kingdom of Heaven’ than that in which they may ‘sit at table with Abraham, Isaac, and Jacob’ (Matt. 8:11).»¹²⁹ Calvin påpeikar at dei som trur på Gud i Det gamle testamentet, får trua frå den same Anden som gir tru i den nye pakta (Apg 15,8).¹³⁰ Han skriv difor at «the hope of all the godly has ever reposed in Christ alone.»¹³¹ Ei sann tru på Gud har altså alltid vore trua på Jesus Kristus.¹³²

Då følger det naturleg at Calvin ser Jesus som løysinga på menneske sitt problem. Vi kan igjen ta opp att Calvin si oppsummeringa av dei to første bøkene:

«From those matters so far discussed, we clearly see how destitute and devoid of all good things man is, and how he lacks all aids to salvation. Therefore, if he seeks resources to succor him in his need, he must go outside himself and get them elsewhere.»¹³³

Vi manglar ressursane til det gode på grunn av synda, men Kristus har desse ressursane og vi må altså gå til han for å få del i dei. Difor går Calvin no grundigare inn på Jesus Kristus for å vise lesaren kva godt som er i Jesus for syndarar.

¹²⁸ Calvin, *Instit.* 2.10.23.

¹²⁹ Calvin, *Instit.* 2.10.23.

¹³⁰ Calvin, *Instit.* 2.10.23.

Calvin sin bruk av Apg 15,8 i samanheng med den gamle pakta kan vere uklar. Ut i frå bibelkommentaren hans til dette kapittelet ser det ut til at han siktar til at både jøder og hedningar får Anden, og ikkje vektlegg at det her er snakk om kristne jødar.

Jean Calvin, “Commentary on Acts,” trans. Henry Beveridge, *Christian Classics Ethereal Library*, accessed September 23, 2016, <http://www.ccel.org/cCEL/calvin/calcom37.iii.ii.html>.

¹³¹ Calvin, *Instit.* 2.6.3.

¹³² Calvin, *Instit.* 2.6.4.

¹³³ Calvin, *Instit.* 3.20.1.

Mellommann

Calvin skriv:

«Unless God confronts us in Christ, we cannot come to know that we are saved. ... For even if many men once boasted that they worshipped the Supreme Majesty, the Maker of heaven and earth, yet because they had no Mediator it was not possible for them truly to taste God's mercy, and thus be persuaded that he was their Father.»¹³⁴

For Calvin er ei sann tru på Gud ei tru på sonen hans, Jesus Kristus. For berre om Kristus er vår mellommann, kan Gud blir openberra som vår nådige Far. Utan mellommannen er ikkje dette mogleg ettersom den generelle openberringa ikkje forkynner evangeliet om tilgjeving for syndene.

For Calvin er det ikkje nok at menneske får meir informasjon om Gud sin nåde. Menneske treng ein mellommann slik at vi kan få del i den nåden:

«Surely, after the fall of the first man no knowledge of God apart from the Mediator has had power unto salvation (cf. Rom 1:16; 1 Cor 1:24). For Christ not only speaks of his own age, but comprehends all ages when he says: 'This is eternal life, to know the Father to be the one true God, and Jesus Christ whom he has sent' (John 17:3p).»¹³⁵

Om ikkje Jesus står mellom Gud og menneske, så kan ein ikkje ha ei sann kjennskap til han. For utan Jesus så er Far si nåde utilgjengeleg, for i Kristus blir den openberra, i han får vi del i nåden og hans far blir vår far. Calvin skriv: «Apart from Christ the saving knowledge of God does not stand.»¹³⁶

Profet, konge og prest

Calvin tek for seg Jesus si oppgåve som mellommann ved å trekke fram tre roller: Ifølge Calvin er Jesus profet, konge og prest. Jesus er salva inn i desse tre rollene av Den heilage

¹³⁴ Calvin, *Instit.* 2.6.4.

¹³⁵ Calvin, *Instit.* 2.6.1.

¹³⁶ Calvin, *Instit.* 2.6.4.

ande, og kan difor verkeleg kallast Messias og Kristus (den salva).¹³⁷ Ved desse rollene vil Calvin vise dei ressursane til frelse som er i Jesus.

Profet

Calvin påpeikar at Jesus snakkar om seg sjølv som ein profet når han les: «Herrens Ande er over meg, for han har salva meg til å forkynna ein god bodskap for fattige.»¹³⁸ Jesus er altså profet ettersom han vart sendt frå Far som ein bodberar med ein god bodskap om nåde og frelse. Slik er Jesus lik dei tidligare profetane, ettersom han er sendt frå Gud, men samtidig er han ulik alle dei som har gått før han. For, ifølge Calvin, forkynner Jesus med ein autoritet som er ulik alle andre profetar.¹³⁹ Han er den som både jødar og samaritanarar såg fram til med forventning om ei fullstendig og sann lære.¹⁴⁰ Også her trekk Calvin inn sin etterkvart kjente tenkemåte: «Outside Christ there is nothing worth knowing, and all who by faith perceive what he is like have grasped the whole immensity of heavenly benefits.»¹⁴¹ I dette legg han at vi må halde oss til evangeliet om Jesus, for i Kristus har Gud openberra alt vi treng for eit liv i guds frykt.¹⁴² I Jesus har vi difor den perfekte profet som openberrar Guds vilje og som bringer bodskapen om frelse.

Konge

Jesus sitt åndelege kongedømme er evig og godt, ifølge Calvin. Gud har lova at han skal verne sitt folk, og Kristus er oppfyllinga av dette løftet.¹⁴³ Løftet om ein konge av Davids ætt vert ikkje oppfylt i Salomon, men i Jesus sitt evig kongedømme.¹⁴⁴ Og i dette kongedømmet

¹³⁷ Calvin, *Instit.* 2.15.5.

¹³⁸ Luk 4,18; jf. Jes 61,1-2. Calvin, *Instit.* 2.15.2.

¹³⁹ Calvin, *Instit.* 2.15.2.

¹⁴⁰ Joh 4,25.

¹⁴¹ Calvin, *Instit.* 2.15.2.

¹⁴² Calvin, *Instit.* 2.15.2. 2 Pet 1,3.

¹⁴³ Calvin, *Instit.* 2.15.3. Jf. Sal 89,35-38.

¹⁴⁴ Salme 110.

finn Calvin grunnen til at kyrkja kan vere trygg i alle trengslar. Jesus er ein så formidabel konge at ingen har makt til å overvinne han, sjølv djevelen kan ikkje øydelegge Kristi kyrkje.

Dette kongedømmet kan ikkje vere jordisk ettersom Jesus seier: «Mi kongsmakt er ikkje av denne verda.» Difor retter Calvin merksemda til det kommande livet og seier at det er eit håp som er sikra av Kristi kongsmakt.¹⁴⁵ Difor er det ikkje overraskande for Calvin at Guds folk framleis møter trengslar, sjølv om Kristus er konge. For om Kristi kongedømme var på jord, ville trengslar vere eit teikn på at kongedømmet ikkje står fast.¹⁴⁶ Kristi kongedømme betyr ikkje at kristne er garantert komfort og rikdom i dette livet, for Calvin seier: «our happiness belongs to the heavenly life!»¹⁴⁷

Likevel utrustar Kristus folket sitt med alt dei treng for å vinne fram til frelsa. For han sender Den heilage ande som gir folket gåver og forener oss med Gud. Calvin skriv: «By these first fruits we may perceive that we are truly joined to God in perfect blessedness.»¹⁴⁸ For Calvin er det altså eit håp for den som lid at Kristus er konge over eit evig rike som er lova, men som enno ikkje har kome. For som den perfekte konge så garanterer Kristus at folket hans skal bli frelst.

Prest

Når Jesus gjer sitt frelsesverk så gjer han det som den fullkomne øvsteprest. Calvin siktar ikkje med dette til at Jesus er som ein menighetsprest. Han bruker prest i den tydinga det har det i Det gamle testamentet, der prestane står framfor Gud på vegne av folket. Slik er Jesu rolle som prest sentral i evangeliet ifølge Calvin. For sidan Gud dømmer oss i vreide ettersom synda vår gjer at vi ikkje kan ha ein relasjon til han, så treng vi ein mellommann som kan ofre noko i vår stad. Calvin seier det slik:

¹⁴⁵ Calvin, *Instit.* 2.15.3. Joh 18,36a.

¹⁴⁶ Calvin, *Instit.* 2.15.4.

¹⁴⁷ Calvin, *Instit.* 2.15.4.

¹⁴⁸ Calvin, *Instit.* 2.15.4.

«God's righteous curse bars our access to him, and God in his capacity as judge is angry toward us. Hence, an expiation must intervene in order that Christ as priest may obtain God's favor for us and appease his wrath. Thus Christ to perform this office had to come forward with a sacrifice.»¹⁴⁹

Noko må altså ofrast i vår stad om vi ikkje sjølve skal bli ofra, og den mellommannen som ber fram offeret verkar då som vår prest. Når Hebrearbrevet kallar Jesus for øvsteprest, er det ikkje fordi han bar fram ei geit eller eit lam som offer, men fordi han gav seg sjølv som offeret.¹⁵⁰ Og ved dette perfekte offeret sona Kristus synda ein gong for alle. Calvin vektlegg at offeret skjedde berre ein gang for alle.¹⁵¹ Han gjer dette for å tilbakevise den katolske tanken om at Kristus blir ofra på ny kvar messe. Calvin argumenterer for at eit slikt syn må bety at Kristus sitt offer ikkje var perfekt.¹⁵² Men ifølge Calvin var offeret perfekt og Kristus si rolle som prest er viktig for det kristne livet. Han skriv:

«Hence arises not only trust in prayer, but also peace for godly consciences, while they safely lean upon God's fatherly mercy and are surely persuaded that whatever has been consecrated through the Mediator is pleasing to God.»¹⁵³

Bøna, samvitnet og Guds nåde er alle avhengige av at Kristus er den perfekte presten. Det er hans rolle som prest som gjer at alle kristne også er prestar. For sjølv om vi ikkje var verdige Gud på grunn av synd, så har vi blitt verdige i Kristus.¹⁵⁴ «For we who are defiled in ourselves, yet are priests in him, offer ourselves and our all to God.»¹⁵⁵ I han har vi ei

¹⁴⁹ Calvin, *Instit.* 2.15.6.

¹⁵⁰ Heb 9,11-14.

¹⁵¹ Heb 10,12.14.

¹⁵² Calvin, *Instit.* 2.15.6. Han skriv: «The more detestable is the fabrication of those who, not content with Christ's priesthood, have presumed to sacrifice him anew! The papists attempt this each day, considering the Mass as the sacrificing of Christ.»

¹⁵³ Calvin, *Instit.* 2.15.6.

¹⁵⁴ «Calvin's utterances specifically on the priesthood of believers are rare and unsystematic, although in treatment of other topics he gives to that doctrine substantially the content given to it by Luther.»

Jean Calvin, *Institutes of the Christian religion*, ed. John T McNeill, trans. Ford Lewis Battles (Louisville, Kentucky: Westminster John Knox Press, 2011), 502 (fotnote 15).

¹⁵⁵ Calvin, *Instit.* 2.15.6.

heilagdom som ikkje er vår eigen, men som tilhører Kristus.¹⁵⁶ Og i han kan vi alle bere fram tilbeding som er til glede for Gud og slik verke som hans prestar.

Calvin viser slik at Kristus er håpet for den fortapte, ettersom han er den perfekte profet, konge og prest. Jesus bli presentert som kjelda til håp ettersom synda og fortapinga var problemet. Calvin finn altså svaret på problemet med å ikkje kjenne Gud, i Kristus. Calvin meiner at den generelle openberringa ikkje hjelper oss å kjenne Gud ettersom den ikkje trøyster syndarar. Vi har sett han seie: «In this ruin of mankind no one now experiences God either as Father or as Author of salvation or favorable in any way, until Christ the Mediator comes forward to reconcile him to us.»¹⁵⁷ No er altså Jesus kome som frelsar og han gir syndarar håp.

Forsonar

Sentralt i Calvin sin kristologi er Kristus si rolle som vår forsonar. Han skriv:

«What we have said so far concerning Christ must be referred to this one objective: condemned, dead, and lost in ourselves, we should seek righteousness, liberation, life and salvation in him.»¹⁵⁸

Slik fortset Calvin med å leie oss ut av oss sjølve og til frelsa som er i Kristus. Jesus er sjølv det sonofferet som frelser, og difor er det ikkje frelse utanom han.¹⁵⁹ Som tidlegare, viser Calvin at om vi er overlatt til oss sjølve, så er Gud vår dommar og fiende. Han hentar denne tanken frå Paulus sine ord i Romerbrevet: «Medan vi endå var fiendar, vart vi forsona med Gud då hans Son døydde.»¹⁶⁰ Altså følger det at sjølv medan vi var Guds fiendar, så hadde Gud allerede planar om nåde for oss. Calvin påpeikar at det difor ikkje er sjølvmotseiande å seie at Gud samtidig var vår fiende og samtidig var nådig mot oss. Calvin understreker

¹⁵⁶ Calvin viser til Joh 17,19: « Eg helgar meg for dei, så dei òg skal helgast i sanninga.» Calvin, *Instit.* 2.15.6.

¹⁵⁷ Calvin, *Instit.* 1.2.1.

¹⁵⁸ Calvin, *Instit.* 2.16.1.

¹⁵⁹ Calvin, *Instit.* 2.16.1. Apg 4,12.

¹⁶⁰ Rom 5,10.

fortapinga for at vi tydelegare skal kunne sjå kor stor frelsa er.¹⁶¹ Innsikt i fortapinga er ifølge han nødvendig for at vi skal kunne sette pris på Far sin kjærleik til oss i Kristus. Han skriv:

«Our hearts cannot, in God's mercy, either seize upon life ardently enough or accept it with the gratefulness we owe unless our minds are first struck and overwhelmed by fear of God's wrath and by dread of eternal death.»¹⁶²

Ei slik lære om fortapinga skal altså ikkje stå utan ei tydelig lære om Guds nåde. For han ser ikkje fortviling som eit måt i seg sjølv, men vil at vi skal bli rørt av den nåden vi blir vist i Kristus. Dette fører Calvin tilbake til poenget om at Gud elskar oss medan vi enno er syndarar og at denne kjærleiken driv han til å forsone menneske med seg sjølv i Kristus.¹⁶³ Ifølge Calvin er alle så øydelagde av synd at vi fortener Guds hat, men vi er samtidig hans skapningar og ettersom han har skapt oss til livet, så fører Gud si kjærleik til ei forsoning. Her kan ein kanskje høre Athanasius sin logikk i bakgrunnen. For Athanasius seier at syndefallet fører til eit guddommeleg dilemma: «For it were not worthy of God's goodness that the things He had made should waste away, because of the deceit practised on men by the devil.»¹⁶⁴ Ein liknande logikk ser vi også i Calvin når han seier at det er Gud sin kjærleik som fører til forsoninga. Altså følger det at forsoninga er eit resultat av Guds kjærleik, ikkje at forsoninga skjer først og at Guds kjærleik tek til etter den. For – som både Athanasius og Calvin er inne på – Gud ville ikkje i si godheit la menneskeheita stå utan ei mogleg forsoning. Difor er det umulig for Calvin å tenke at forsoninga er starten på Gud sin kjærleik til oss. Igjen lener Calvin seg på kyrkjefedrene ved å sitere frå Augustin:

«For it was not after we were reconciled to him through the blood of his Son that he began to love us. Rather, he has loved us before the world was created, that we also might be his sons along with his only-begotten Son. ... Thus in a marvelous and

¹⁶¹ Calvin, *Instit.* 2.16.2.

¹⁶² Calvin, *Instit.* 2.16.2.

¹⁶³ Calvin, *Instit.* 2.16.3.

¹⁶⁴ Athanasius, *On the Incarnation of the Word* §6.5.

Athansius snakkar her om inkarnasjonen si rolle i frelsa, medan Calvin tek for seg dette spørsmålet andre stader. Jf. Calvin, *Instit.* 2.12.1-3.

divine way he loved us even when we practiced enmity toward him and committed wickedness.¹⁶⁵

Denne forsonaren er Jesus, og ifølge Calvin verkar Jesus som forsonar på grunn av hans lydnad og død. Sonofferet hans er altså ikkje berre at han dør, men at han som er rettferdig dør. Slik sett kan vi seie at Jesus døydde døden vi skulle ha døydd, men også at han levde livet vi skulle ha levd. Calvin skriv:

«How has Christ abolished sin, banished the separation between us and God, and acquired righteousness to render God favorable and kindly toward us? To this we can in general reply that he has achieved this for us by the whole course of his obedience.»¹⁶⁶

Calvin prøver ikkje med dette å tone ned korset og at Kristus døydde, tvert om så siterer han ei rekke bibelvers for å legge vekt på den døden.¹⁶⁷ Han siterer også 2 Kor 5,21: «Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så vi skal bli rettferdige for Gud i han.» Calvin vil slik understreke at Jesus sin syndfrie død er viktig.¹⁶⁸ For ved å henge på korset så kjem Jesus under både menneske og Gud sin dom ifølge Calvin.¹⁶⁹ Dette poenget har også likskapar med Athanasius si framstilling av forsoninga. For Athanasius understreker at det var nødvendig med ein død som tydelig viste at Jesus var blitt forbanna.¹⁷⁰ For Calvin er det dette som gjer eit byte mogleg. Dette byte er at på eine sida får Jesus vår synd, medan vi på andre sida får hans rettferd. Han skriv: «The Son of God, utterly clean of all fault, nevertheless took upon himself the shame and reproach of our iniquities, and in return clothed us with his purity.»¹⁷¹

¹⁶⁵ Calvin, *Instit.* 2.16.4. Augustine, *John's Gospel ch.* 6, 411.

¹⁶⁶ Calvin, *Instit.* 2.16.5.

¹⁶⁷ Calvin, *Instit.* 2.16.5. Matt 20,28f; Joh 1,29f; Rom 3,24-25; 4,25f; 5,9-10; 2 Kor 5,21.

¹⁶⁸ Jf. Fil 2,7-8.

¹⁶⁹ Calvin, *Instit.* 2.16.6. 5 Mos 21,22-23. Jf. Gal 3,13.

¹⁷⁰ Athanasius, *On the Incarnation of the Word* §4.25.

¹⁷¹ Calvin, *Instit.* 2.16.6.

Når Jesus døyr i staden for syndarar, oppnår han ei forsoning som gir del i hans perfekte rettferd.¹⁷² For Calvin er ikkje forsoningsverket fullført utan Kristi oppstode og himmelfart.¹⁷³ For om døden tok vekk synda, så er det i oppstoda at rettferda blir gitt til oss. I tillegg er det Jesus sin himmelfart som sikrar vår eigen himmelfart.

«Since he entered heaven in our flesh, as if in our name, it follows, as the apostle says, that in a sense we already ‘sit with God in the heavenly places in him.’ [Eph. 2:6].»¹⁷⁴

For Calvin er det ein viktig del av forsoninga at Jesus no er vår talsmann framfor Gud. Han viser til Hebrearbrevet som seier: «Difor kan han òg fullt og heilt frelsa dei som kjem til Gud ved han, sidan han alltid lever og går i forbøn for dei.»¹⁷⁵ Calvin byrja diskusjonen om forsoninga med å påpeike at utan Kristus er Gud vår dommar, men han avslutter med oppdagelsen at dommaren har vist seg å vere forsonaren:

«Hence arises a wonderful consolation: that we perceive judgement to be in the hands of him who has already destined us to share with him the honor of judging [cf. Matt. 19:28]! ... We shall be brought before no other judgement seat than that of our Redeemer, to whom we must look for our salvation!»¹⁷⁶

Slik blir det *Solus Christus*, Kristus åleine, i alle delar av forsoninga ifølge Calvin.¹⁷⁷ Og han skriv:

¹⁷² Calvin følger oppbygginga til den apostoliske truedkjenningsa når han skriv om forsoninga, og kjem difor inn på tydinga av at Jesus «steig ned i dødsrike.» Calvin kritiserer Aquinas for synet om at Jesus henta dei heilage i helvetet. I staden fremmer han sitt eige syn at det bør tolkast som Jesu åndelege liding.

Calvin, *Instit.* 2.16.9-10. Jf. Thomas Aquinas, *Summa Theologica* 3, Q. 52, Art. 5.

¹⁷³ Calvin, *Instit.* 2.16.13. Jf. 1 Kor 15,17.

¹⁷⁴ Calvin, *Instit.* 2.16.16.

¹⁷⁵ Calvin, *Instit.* 2.16.16. Heb 7,25. Jf. Rom 8,34.

¹⁷⁶ Calvin, *Instit.* 2.16.18.

¹⁷⁷ Calvin, *Instit.* 2.16.19.

«If we seek redemption, it lies in his passion; if acquittal, in his condemnation; if remission of the curse, in his cross [Gal. 3:13]; if satisfaction, in his sacrifice; if purification, in his blood; if reconciliation, in his descent into hell; if mortification of the flesh, in his tomb; if newness of life, in his resurrection; if immortality, in the same.»¹⁷⁸

Calvin har vist lesaren kva det vil seie at alt godt er i Kristus. Berre i han er det håp om forsoning med Gud og berre i han finn vi frelse. Calvin leier oss utover ved å vise Jesu kraft til frelse. Ein kan seie at han både skyv og trekkjer lesaren vekk frå seg sjølv og mot Kristus. Han skyv ved å åtvare mot synda og framstille menneske si tomheit, og han trekkjer ved å vise Jesus si fylde. Men enno har han ikkje utdjupa korleis ein får del i det gode som er i Kristus.

3.3 Korleis får vi del i det gode som er i Kristus?

Medan bok ein tek for seg kjennskapen til Gud og bok to kjennskapen til forsonaren, så er det i bok tre at Calvin kjem inn på korleis vi får del i nåden som er i Kristus. Han spør: «How do we receive those benefits which the Father bestowed on his only begotten Son – not for Christ's private use, but that he might enrich poor and needy men?»¹⁷⁹ Og i tråd med at Calvin følger oppbygginga til den apostoliske truedkjenningså er det no Andens verk kjem i fokus. For, slik Calvin ser det, er Den heilage ande personen som gir oss del i det gode som er i Kristus. Anden er bandet som forener oss med Kristus og slik kjem Calvin inn på det som vert kalla «einskap med Kristus.» Calvin er slik i ferd med å lukke ein trinitarisk sirkel som han teiknar for lesaren: Far har gitt alt det gode til Sonen, Jesus Kristus, slik at han kan komme oss til hjelp, og ved Den heilage ande får vi del i Kristus. Anden er den manglande brikka som forklarer korleis vi kan få hjelpa vi treng frå Kristus. Det er ikkje nok at Kristus er ein frelsar, han må bli vår frelsar.

Einskap med Kristus

Calvin omtaler foreninga mellom Kristus og kristne slik:

¹⁷⁸ Calvin, *Instit.* 2.16.19.

¹⁷⁹ Calvin, *Instit.* 3.1.1.

«First, we must understand that as long as Christ remains outside of us, and we are separated from him, all that he has suffered and done for the salvation of the human race remains useless and of no value for us. Therefore, to share with us what he has received from the Father, he had to become ours and to dwell within us.»¹⁸⁰

Jesus må bli vår om vi skal vere eitt med han, og få del i gåvane Far har gitt han. Ifølge Calvin er Anden svaret på dette: Anden forener oss med Kristus slik at han blir kalla hovudet vårt (Ef 4,15) og vi kan seiast å vere poda inn i han (Rom 11,17) og kledd i Kristus (Gal 3,27).¹⁸¹ Dette blir løysinga på tomheita vi har utan Kristus ifølge Calvin. Einskapen med Kristus kler oss med han i staden for vår eigen nakenskap. Calvin seier at dette er fellesskapet med Kristus som blir tilbydd oss i evangeliet og det skjer ved Anden.¹⁸² Han skriv: «To sum up, the Holy Spirit is the bond by which Christ effectually unites us to himself.»¹⁸³ Calvin går difor inn på forholdet mellom Jesus og Den heilage ande.¹⁸⁴ Han snakkar no om den treeinige Gud og seier at Far gir Anden til Jesus i fullt mål, og for Jesu skyld gir han den også til kristne.¹⁸⁵ Han skriv:

«God the Father gives us the Holy Spirit for his Son’s sake, and yet has bestowed the whole fullness of the Spirit upon the Son to be minister and steward of his liberality. For this reason, the Spirit is sometimes called the ‘Spirit of the Father,’ sometimes the ‘Spirit of the Son.’¹⁸⁶

Calvin fortset:

¹⁸⁰ Calvin, *Instit.* 3.1.1.

¹⁸¹ Calvin, *Instit.* 3.1.1. Ein kan også nemne andre uttrykk for det same. Kol 3,3: «livet dykker er løynt med Kristus i Gud.» Rom 6,5: «vakse saman med Kristus.» Fil 3,9: «funnen i han.» Og ei rekke vers som snakkar om i Kristus, i Jesus, i han. Eks. Rom 8,1-2; Gal 3,26; og andre.

¹⁸² Calvin, *Instit.* 3.1.1.

¹⁸³ Calvin, *Instit.* 3.1.1.

¹⁸⁴ Calvin, *Instit.* 3.1.2.

¹⁸⁵ Jf. Joh 3,34.

¹⁸⁶ Calvin, *Instit.* 3.1.2. Jf. Rom 8,9 der Paulus kallar Anden for «Kristi Ande.»

«Also, we ought to know that he is called the ‘Spirit of Christ’ not only because Christ, as the eternal Word of God, is joined in the same Spirit with the Father, but also from his character as the Mediator. For he would have come to us in vain if he had not been furnished with this power.»¹⁸⁷

For ifølge Calvin, er Anden den einaste måten vi kan få Gud som Far og få del i Jesu godheit.¹⁸⁸ Det er Anden som gjer at Kristus ikkje er fjern og unyttig, men blir vårt «hovud» (Ef 4,15), «den førstefødde mellom mange sysken» (Rom 8,29).¹⁸⁹ Calvin seier at som i eit ekteskap, er vi foreina med Kristus og blir «lemer på hans kropp» (Ef 5,29).¹⁹⁰

Lesaren kan no lure på om Calvin gjer trua overflødig ved å fokusere så sterkt på Anden. For ved trua får vi del i Jesu nåde og ved trua blir vi foreina med han (Ef 3,17). Calvin tek opp dette spørsmålet for han ønsker ikkje å sette opp ei spenning mellom Anden og tru. I staden seier han at trua er det fremste verket til Anden:

«But faith is the principal work of the Holy Spirit. Consequently, the terms commonly employed to express his power and working are, in large measure, referred to it because by faith alone he leads us into the light of the gospel.»¹⁹¹

Ein kan altså seie at kristne er foreina med Kristus både ved tru og ved Anden. Calvin knyter difor både rettferda ved tru åleine og heilaggjering til einskapen med Kristus. Han skriv:

«Christ was given to us by God’s generosity, to be grasped and possessed by us in faith. By partaking of him, we principally receive a double grace: namely, that being reconciled to God through Christ’s blamelessness, we may have in heaven instead of a Judge a gracious Father; and secondly, that sanctified by Christ’s spirit we may cultivate blamelessness and purity of life.»¹⁹²

¹⁸⁷ Calvin, *Instit.* 3.1.2.

¹⁸⁸ Calvin, *Instit.* 3.1.2. Calvin siterer Rom 5,5.

¹⁸⁹ Calvin, *Instit.* 3.1.3.

¹⁹⁰ Calvin, *Instit.* 3.1.3.

¹⁹¹ Calvin, *Instit.* 3.1.4.

¹⁹² Calvin, *Instit.* 3.11.1.

I Calvin sin soteriologi, altså læra hans om frelsa, kjem ein ikkje utenom einskapen med Kristus. Både statusen som rettferdig og veksta i heilagdom er ifølge han ein «dobel nåde» som kristne får ved at dei har del i Kristus.¹⁹³ Han vil ikkje snakke om å bli rettferdige for Gud uavhengig av einskapen med Kristus, ettersom det er ved han at vi blir forsona med Gud. Denne einskapen ligg i bakgrunnen for den utvekslinga som skjer når Gud gjer dei som trur rettferdige: Jesus får vår synd og vi får hans rettferd.¹⁹⁴ For Calvin er det altså ei framand rettferd som vert tilrekna oss, den kjem ikkje frå oss sjølve, men vi får del i den ved einskap med Kristus. Calvin viser til Paulus som skriv: «Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så vi skal bli rettferdige for Gud i han.»¹⁹⁵ Denne teksta er sentral for Calvin ettersom den viser at det er forholdet til Kristus som gjer oss rettferdige for Gud.

I denne samanheng argumenterer Calvin mot Andreas Osiander sitt syn på rettferda. Calvin meiner at Osiander misforstår måten vi er knytt til Kristus, ettersom han ikkje ser Anden si rolle i det.¹⁹⁶ Dette gjer at Osiander i staden for einskap med Kristus, snakkar om ei slags samanblanding mellom menneske og Gud. Etter eit slikt syn får kristne del i Kristus ved å bli ein del av hans natur.¹⁹⁷ Om kristne får den guddommelege naturen, så kan dei ifølge Osiander seiast å vere rettferdige. Calvin svarer på dette ved å trekke fram einskapen med Kristus. Calvin meiner det er feil å seie at vi er samanblanda med Kristus sin guddommelege natur. Om dette var tilfellet så ville det blande rollene i frelsesverket. Far og Anden vil då vere forsonarar på same måten som Sonen er det.¹⁹⁸ Men rolla som mellommann er gitt til Kristus ifølge Calvin. Han meiner at Kristus gjer oss rettferdige ved at vi blir foreina med hans menneskelege natur. Dette er eit band som skjer ved Anden og ikkje ved samanblanding

¹⁹³ Calvin, *Instit.* 3.11.1.

¹⁹⁴ Calvin, *Instit.* 3.11.2.

¹⁹⁵ 2. Kor 5,21. Calvin, *Instit.* 3.11.4.

¹⁹⁶ Calvin, *Instit.* 3.11.5.

¹⁹⁷ Calvin, *Instit.* 3.11.5.

¹⁹⁸ Calvin, *Instit.* 3.11.8.

av naturane. Slik meiner Calvin at ein kan seie at rettferda er framand, noko som blir vanskelegare om ein er samanblanda med Kristus.¹⁹⁹

Common grace

Calvin har også ein kategori for Guds nåde til alle menneske, kalla «common grace», og slik forsøker han å forklare det gode ein finn i alle menneske, sjølv om vi er tomme.²⁰⁰ Calvin sitt fokus på at menneske er i ein fortvilt situasjon, betyr ikkje at han nektar for at vi kan finne gode ting i dei som ikkje har del i Kristus. Også her er det Gud som er kjelda til denne godheita. Calvin skriv: «To begin with, I do not deny that all the notable endowments that manifest themselves among unbelievers are gifts of God.»²⁰¹ Gud gir gåver til alle menneske ved denne generelle nåden, men det betyr ikkje at alle menneske vert frelst. For når Gud viser denne nåden så er det for å avgrense synd, ikkje for å ta vekk skulda.²⁰² Den generelle nåden er difor ulik den nåden der Gud forener oss med Kristus slik at han soner synda vår og vi blir rettferdige. Den generelle nåden er viktig for å forstå Calvin sitt syn om at menneske er totalt syndige. For når han tidlegare har sagt at det gode vi ser i menneske leier oss mot Gud, så gjeld det også gåvene Gud har gitt til heile menneskeheita ved å halde synda tilbake.

Alle har difor ikkje del i det gode som er i Kristus, men alle nyter godt av Den heilage ande, sjølv om det er på ulike måter:

«We ought not to forget those most excellent benefits of the divine Spirit, which he distributes to whomever he wills, for the common good of mankind. ... He fills, moves, and quickens all things by the power of the same Spirit, and does so according to the character that he bestowed upon each by the law of creation. But if the Lord has willed that we be helped in physics, dialectic, mathematics, and other like disciplines, by the work and ministry of the ungodly, let us use this assistance. For if we neglect

¹⁹⁹ Calvin, *Instit.* 3.11.10.

²⁰⁰ Cornelius Van Til, “Common Grace,” *Westminster Theological Seminary*, accessed September 9, 2016, <http://files1.wts.edu/uploads/images/files/WTJ/CVT%20-%20Common%20Grace,%20pt%201.pdf>, 57.

²⁰¹ Calvin, *Instit.* 3.14.2. Jf. Calvin, *Instit.* 1.5.3 og 1.15.2-4.

²⁰² Calvin, *Instit.* 2.3.3.

God's gift freely offered in these arts, we ought to suffer just punishment for our sloths.»²⁰³

Den same Anden som frelser dei utvalgte, gir gåver til alle menneske. Dei gode resultata av menneskeleg innsats er difor ikkje eit teikn på at menneske er godt i seg sjølv, men på at Gud er god. Ein kan difor sjå kvifor utveljingslæra blir viktig for Calvin, ettersom det ikkje er noko grunnlag i menneske til å forstå kvifor nokre vil ta imot Gud, medan andre forkastar han. Synda gjer det naturleg for alle menneske å halde seg vekke frå Gud og å halde sanninga om han nede.²⁰⁴ Og om ein ikkje kan finne denne forskjellen i menneske, då må forklaringa vere at Gud har utvalgt nokre til fortaping og andre til frelse, ifølge Calvin.²⁰⁵ Altså er Calvin sitt syn på predestinasjon kopla saman med synet hans på menneske si tomheit.

²⁰³ Calvin, *Instit.* 2.2.16.

²⁰⁴ Calvin, *Instit.* 1.5.14.

²⁰⁵ Calvin, *Instit.* 3.26.1.

3.4 Det kristne livet

Det kristne livet

Vi har sett at eit sentralt konsept for Calvin er tanken om at vi er tomme og fortapte i oss sjølve, men at i Jesus Kristus finn vi alt godt. Dette er difor eit tema Calvin igjen tek opp når han skriv om det kristne livet. For den rørsla ut frå oss sjølve som Calvin har lagt opp til, let oss no komme tilbake til menneske. Med utgangspunktet om at alt godt er i Kristus, så viser han korleis ein skal leve det kristne livet.

Guds frykt

Om vi skal forstå Calvin rett når han skriv om det kristne livet, må vi først ta for oss uttrykket *pietas*. I introduksjonen til *Institutta* skriv han: «My purpose was solely to transmit certain rudiments by which those who are touched with any zeal for religion might be shaped to true godliness [pietas].»²⁰⁶ Målet med *Institutta*, slik Calvin forklarer det til Kong Frans den første av Frankrike, er å forme ærefrykt for Gud i lesarane. Dette er altså ikkje berre målet med sidene som direkte omhandlar det kristne livet, ettersom dei berre utgjorde ein liten del i tidligere versjonar.²⁰⁷ Likevel er det særskild i desse sidene at vi ser Calvin ta for seg guds frykta og korleis ein kan leve i ærefrykt for God. Calvin skriv:

«I call 'piety' that reverence joined with love of God which the knowledge of his benefits induces. For until men recognize that they owe everything to God, that they are nourished by his fatherly care, that he is the Author of their every good, that they should seek nothing beyond him – they will never yield him willing service. Nay, unless they establish their complete happiness in him, they will never give themselves truly and sincerely to him.»²⁰⁸

²⁰⁶ Ronald S. Wallace, *Calvin's Doctrine of the Christian Life* (Edinburgh: Oliver and Boyd, 1959), 9; Joel R. Beeke, “Calvin’s Piety,” *MJT* 15 (2004), accessed August 29, 2016, <http://www.midamerica.edu/resources/journal/15/beekepiety.pdf>, 1.

²⁰⁷ Don Carson nemner at delen om det kristne livet berre var nokre linjer i tidlege utgåver av *Institutta*. Don Carson, “Calvin as Bible Commentator and Systematic Theologian,” *2009 Reformation Conference*, accessed August 29, 2016, <http://www.sermonaudio.com/sermoninfo.asp?SID=11409849342>.

²⁰⁸ Calvin, *Instit.* 1.2.1.

Her kan vi sjå varmen som Calvin legg i omgrepene guds frykt. Pietas består både av ærefrykt og av kjærleik til Gud, og desse to går saman til ei guds frykt som verken tek lett på Gud eller flykter frå han. Dette er altså det villige tenarsinnet som kjem av at ein er forsørga av Gud og ser at alt godt kjem i frå Gud. Og ifølge Calvin er dette berre mogleg om ein har heile gleda si i Gud. Guds frykt heng altså saman med håpet om eit godt liv, ettersom Calvin meiner at tenarsinnet er umogleg utan at ein bygg lykka si på Gud. Her ser vi svært tydeleg Calvin si rørsle utover, ettersom han bygg det kristne livet på kjennskapen til Gud si godheit mot oss og vi er avhengig av hans omsorg. Guds frykt er ikkje noko Calvin oppdagar i seg sjølv, i staden er det relasjonen hans til Gud som gjev han guds frykta.

Fleire bibeltekstar ligg i bakgrunnen for eit slikt syn på guds frykt:

5 Mos 10,12:

«Og no, Israel, kva er det Herren din Gud krev av deg? Berre dette: at du fryktar Herren din Gud, så du alltid går på hans vegar og elskar han og tener Herren din Gud av heile ditt hjarte og heile di sjel.»²⁰⁹

Rom 8,12-16:

«Så skuldar vi ikkje kjøtet nokon ting, sysken, så vi skulle leva slik det vil. For dersom de lever slik kjøtet vil, skal de døy. Med drep de ved Anden dei gjerningane kroppen gjer, då skal de leva. Alle som blir drivne av Guds Ande, er Guds born. For de fekk ikkje den ånda som slavane har, så de på nytt skulle leva i frykt. Nei, de fekk

²⁰⁹ Wallace, *Calvin's Doctrine of the Christian Life*, 37. Wallace viser til Calvin sin tale om teksta slik den er attgjeven i Corpus Reformatorum. Han siterer: «Serm. on Deut. 10:12-14, C.O. 27:36.»

Anden som gjev rett til å vere Guds born, den som gjer at vi ropar: ‘Abba Far!’ Anden sjølv vitnar med vår ånd at vi er Guds born.»²¹⁰

Det er altså ikkje unaturleg for Calvin å trekke ei kopling mellom ærefrykt og kjærleik. I desse og andre bibeltekstar finn ein at ei sann guds frykt går saman med eit nært forhold til Gud. Og som Romarane 8 trekk fram, er dette ikkje frykta til slavar, men lydnaden til søner. Ronald Wallace går djupare inn i dette. Han skriv:

«There is a ‘servile and constrained fear’ of God such as the wicked have who dread and flee from the judgement of God which they cannot escape, and such as those have who serve God because they fear damnation. Such servile fear is cast out of the heart by faith and love. There is, however, a true fear of God which must arise and must remain in the human heart whenever God draws near to man in redeeming grace.»²¹¹

Her er det særskild verd å merke seg skilnaden mellom den frykta ein slave har og den ærefrykta ein son har.²¹² Slaven kjenner ikkje ærefrykt, men gru, og vil forlate Herren sin om anledninga byr seg. Sonen, derimot, har ei ærefrykt som både forstår meisteren si godheit og storheit. Denne kjensla er det Calvin er ute etter: ei ærefrykt som kjem av at Gud har kome nær i nåde og at han har openberra sin store farskjærleik. Ei slik gudsfrukt kan berre komme om ein ser utover og ser kven Gud er. Det å sjå at alt godt kjem frå Gud og å svare på dette med glede og eit tenersinn, er kjerna i guds frykt ifølge Calvin.²¹³

²¹⁰ Jean Calvin, “Commentary on Romans,” trans. John Owen, *Christian Classics Ethereal Library*, accessed September 6, 2016, <http://www.ccel.org/cCEL/calvin/calcom38.xii.v.html>. Calvin skriv der om Rom 8,15:

«And then, if the law be viewed in itself, it can do nothing but restrain those, devoted to its miserable bondage, by the horror of death; for it promises no good except under condition, and denounces death on all transgressors. Hence, as there is the spirit of bondage under the law, which oppresses the conscience with fear; so under the gospel there is the spirit of adoption, which exhilarates our souls by bearing a testimony as to our salvation.»

²¹¹ Wallace, *Calvin’s Doctrine of the Christian Life*, 36. Mi uthaving.

²¹² Calvin, *instit.* 1.4.4. Wallace kallar det «a servile and constrained fear», medan Battles oppdaterer språket og skriv «a slavish, forced fear.»

²¹³ Calvin, *Instit.* 1.2.1.

Calvin bruker altså omgrepet *pietas* annleis enn kva mange i dag assosierer med pietisme og pietet. Battles skriv i introduksjonen til *Institutta*:

«To the modern mind the word ‘piety’ has lost its historic implications and status. It has become suspect, as bearing suggestions of ineffectual religious sentimentality or canting pretense. For Calvin and his contemporaries, as for ancient pagan and Christian writers, *pietas* was an honest word, free from any unsavory connotation. It was a praiseworthy dutifulness or faithful devotion to one’s family, country, or God.»²¹⁴

I denne guds frykta, har Calvin også satt fokuset på kven Gud er, slik at vårt kristne liv kan vere eit svar på det. Calvin sitt syn på guds frykt stemmer altså godt med det vi har sett om antropologien og soteriologien hans. Ein forventar ikkje ei guds frykt som utelukkande fokuserer på eigne ressursar, etter Calvin si framstilling av menneske si tomheit og håpet i Kristus.

*Eit heilagt liv*²¹⁵

Calvin skriv med ei forventning om at det kristne livet skal vere eit heilagt liv. Han seier:

«The object of regeneration, as we have said, is to manifest in the life of believers a harmony and agreement between God’s righteousness and their obedience, and thus to confirm the adoption that they have received as sons [Gal. 4:5; cf. 2 Peter 1:10].»²¹⁶

Målet med det kristne livet, er altså ifølge Calvin at det skal vere samsvar mellom Gud si rettferd og kristne si lydnad, slik at dei kan vise at dei er søner av Gud.²¹⁷ Dette viser at kristne er søner ettersom dei gjer dei same tinga som Gud gjer. Ei kopling mellom slektskap

²¹⁴ Calvin, *Instit.* lii-liii.

²¹⁵ Calvin, *Instit.* 3.6.1-5.

²¹⁶ Calvin, *Instit.* 3.6.1. Det er verdt å merke at Calvin kan bruke ordet «regeneration» i ein vidare forstand enn mange systematiske teologar gjer i dag. For Calvin kan omgrepet bety det same som «repentance» (*Poenitentia*). Sjå Calvin, *Instit.* 3.3.9.

²¹⁷ Calvin ekskluderer ikkje kvinner ved å velje ordet «son» i staden for «barn.» På gresk kan det maskuline brukast for å vise til begge kjønna og «son» blir også brukt for å vektlegge at ein har arverett. Det kan difor vere nyttig å vite at ordet son, ikkje born, vert brukt i Gal 4,6 for å tydelegare få fram koplinga til Gal 4,5.

og gjerningar er vanleg i Bibelen, for eksempel er dette tydeleg i Jesus sitt svar til nokre jødar: «Vår far er Abraham», sa dei. Jesus svara: «Var de Abrahams born, gjorde de som Abraham.»²¹⁸ Det er denne same tenkemåten Calvin trekk fram når han viser ei kopling mellom livsførsel og slektskap. Det kristne livet er eit stort tema, og Calvin er tydeleg på at han ikkje ønsker å dekke heile tema. Han skriv:

«Now, in setting forth how the life of a Christian man is to be ordered, I am not unaware that I am entering into a varied and diverse subject, which in magnitude would occupy a large volume, were I to try to treat it in full detail. ... To show the godly man how he may be directed to a rightly ordered life, and briefly to set down some universal rule with which to determine his duties – this will be quite enough for me.»²¹⁹

Målet for Calvin er altså ikkje å ta for seg alle detaljane av det kristne livet og då er det særskilt interessant kva han vel å ta med. Det første han tek for seg er at motivasjonen til det kristne livet ligg i Bibelen sitt bod om at vi må vere heilage ettersom Gud er heilag (3 Mos 19,2; 1 Pet 1,15-16).²²⁰ For Calvin er dette tett knytt med einskapen vår med Gud:

«Indeed, though we had been dispersed like stray sheep and scattered through the labyrinth of the world, he has gathered us together again to join us with himself. When we hear mention of our union with God, let us remember that holiness must be its bond; not because we come into communion with him by virtue of our holiness! Rather, we ought first to cleave unto him so that, infuse with his holiness, we may follow whither he calls.»²²¹

I tillegg til Anden og trua, er heilagdomen vår ein viktig del av einskapen vår med Gud. Men til forskjell frå Anden og trua, er det ikkje heilagdommen vår som gjer at vi kan bli eitt med Kristus. I staden så er heilagdommen eit resultat av at vi får del i hans heilagdom når vi blir

²¹⁸ Joh 8,39.

²¹⁹ Calvin, *Instit.* 3.6.1.

²²⁰ Calvin, *Instit.* 3.6.2.

²²¹ Calvin, *Instit.* 3.6.2.

eitt med han.²²² Altså passer dette inn i det vi har sett Calvin skrive om menneske sin fortvilte situasjon og håpet i Gud. No tek han dette vidare og gjer det til ei oppmuntring til å leve eit heilagt liv. Ein kan seie at Calvin bruker læra om korleis vi blir rettferdige, som ei oppmuntring til å bli heilage. Ettersom vi ikkje er heilage i oss sjølve, men har fått del i Kristus sin heilagdom, så følger det naturleg for Calvin at vi også må leve heilage liv. Han skriv: «For it is highly unfitting that the sanctuary in which he dwells should like a stable be crammed with filth.»²²³ I tillegg er einskapen vår med Kristus ei oppmuntring til å leve eit heilagt liv, ettersom Kristus sjølv var heilag.

«Scripture shows that God the Father, as he has reconciled us to himself in his Christ (cf. 2 Cor. 5:18), has in him stamped for us the likeness (cf. Heb 1:3) to which we would have us conform.»²²⁴

I Kristus har vi altså fått eit perfekt førebilete til eit heilagt liv. Dette er ifølge Calvin måten bibelen kallar oss til å leve i heilagdom. Han seier det slik:

«But Scripture draws its exhortation from the true fountain. It not only enjoins us to refer our life to God, its author, to whom it is bound; but after it has taught that we have degenerated from the true origin and condition of our creation, it also adds that Christ, through whom we return into favor with God, has been set before us as an example, whose pattern we ought to express in our life.»²²⁵

Kallet til eit heilagt liv heng altså ikkje i lause lufta for Calvin, men er samanknytt med evangeliet. Gud skapte oss, men syndefallet gjorde at vi vart fortapte, og berre i Kristus har vi igjen fått eit forhold med Gud. Difor skal vi følge Jesus sitt eksempel og leve som han. Slik er det dynamikken mellom vår tomheit og Guds overstrøymade godheit mot oss i Kristus som

²²² Jf. 1 Kor 1,30; 2 Kor 5,17; Ef 4,16.

Justin Taylor, “Union with Christ: A Crash Course,” *Between Two Worlds*, accessed October 22, 2016, <https://blogs.thegospelcoalition.org/justintaylor/2011/02/09/union-with-christ-a-crash-course/>.

²²³ Calvin, *Instit.* 3.6.2.

²²⁴ Calvin, *Instit.* 3.6.3.

²²⁵ Calvin, *Instit.* 3.6.3.

oppmuntrar oss til å leve eit liv som ærer Gud. Og Calvin gir ei rekke eksempel på dette: No som Gud har vist seg som vår Far, så er det utakksamt om vi ikkje viser oss som hans søner. No som Kristus har rensa oss, så er det upassande om vi forureinar oss sjølve. No som vi har fått del i Kristi kropp, så må vi ikkje øydelegge oss sjølve, ettersom vi er hans lemmer.²²⁶

Når Calvin har ei forståing av det kristne livet som i stor grad handlar om å bli endra frå den vi er utan Gud, så er det utenkelig for han at nokon skal kunne kalte seg kristne utan å leve eit kristent liv. For Calvin er det ikkje nok å forstå kristendommen, ein må leve den ut.²²⁷ Han har lite til overs for falske kristne som nyttar seg av Jesu namn utan å kjenne han. Men her er han snar – kanskje uvanlig snar – med å legge fram den andre sida av saka for å unngå at lesaren misforstår han. Han tek straks til å snakke om at kristne ikkje må forvente å vere perfekte i dette livet. Her ser vi litt av den pastorale omsorgen Calvin har for lesaren.

«I do not insist that the moral life of a Christian man breathe nothing but the very gospel, yet this ought to be desired, and we must strive toward it. But I do not so strictly demand evangelical perfection that I would not acknowledge as a Christian one who has not yet attained it. For thus all would be excluded from the church, since no one is found who is not far removed from it.»²²⁸

Calvin vil åtvare mot falsk kristendom, men han vil samtidig ta vare på dei svake kristne, ettersom det er den einaste typen kristne som finnast. Ingen er enno så heilage som ein skulle ønske ut i frå Kristus sitt eksempel, men ein må likevel strebe etter å bli lik han. Her kjem Calvin med eit kjend oppmuntring:

«But no one in this earthly prison of the body has sufficient strength to press on with due eagerness, and weakness so weighs down the greater number that, with wavering and limping and even creeping along the ground, they move at a feeble rate. Let each one of us, then, proceed according to the measure of his puny capacity and set out upon the journey we have begun. No one shall set out so inauspiciously as not daily to make some headway, though it be slight. Therefore, let us not cease so to act that we may make some unceasing progress in the way of the Lord. And let us not despair at the slightness of our success; for even though attainment may not correspond to

²²⁶ Calvin, *Instit.* 3.6.3.

²²⁷ Calvin, *Instit.* 3.6.4.

²²⁸ Calvin, *Instit.* 3.6.5.

desire, when today outstrips yesterday the effort is not lost. ... But we shall attain it [goodness] only when we have cast off the weakness of the body, and are received into full fellowship with him.»²²⁹

Calvin samanliknar framskritta våre i tru med ein halt man og ein mann som kryp sakte langs bakken. Han vil ikkje at vi skal gi opp på grunn av vår eiga svakheit, men at vi skal bli oppmuntra av at framgangen er i rett retning, sjølv om den skulle vere liten. For, som Calvin ofte er inne på, så er det ikkje oss sjølve vi kan finne håp i, men den Kristus er for oss.

Å seia nei til seg sjølv

Calvin går så vidare for å ta for seg oppgåva med å seia nei til seg sjølv. Jesus seier til disiplane: «Vil nokon følgja etter meg, må han seia nei til seg sjølv, ta krossen sin opp og følgja meg.»²³⁰ Calvin bruker desse to uttrykka: «å seia nei til seg sjølv» og «å ta krossen sin opp», på litt ulike måter. For han er uttrykka ikkje heilt synonyme, sjølv om dei er svært nære kvarandre i innhald. Å ta opp krossen er ifølge Calvin ein del av å seia nei til seg sjølv, og ser ut til å ha ei nærare kopling til liding.²³¹ Å seia nei til seg sjølv, er derimot eit meir generelt uttrykk som ligg nært audmjukskap og står i kontrast til stoltheit.

Calvin startar med 1 Kor 6,19 der Paulus seier: «De er ikkje lengre dykkar eigne.»²³² Vi er ikkje våre eigne menneske, men tilhører Herren ettersom han har kjøpt oss og betalt prisen.²³³ Og ut i frå dette prinsippet – som nok ein gong handlar om at vi ikkje må sjå til oss sjølve, men Gud – så går Calvin djupere inn i det kristne livet. Han skriv:

«We are not our own: let not our reason nor our will, therefore, sway our plans and deeds. We are not our own: let us therefore not set it as our goal to seek what is

²²⁹ Calvin, *Instit.* 3.6.5.

²³⁰ Matt 16,24.

²³¹ Calvin, *Instit.* 3.8.1.

²³² Calvin, *Instit.* 3.7.1.

²³³ 1 Kor 6,19-20.

expedient for us according to the flesh. We are not our own: in so far as we can, let us therefore forget ourselves and all that is ours.»²³⁴

Calvin vil altså ha oss vekk i frå eit syn på oss sjølve som uavhengige menneske. Vi er ikkje vår eigen eigar, men tilhøyrer ein anna. Det er Gud som er vår Herre og vi skal følge han:

«Conversely, we are God's: let us therefore live for him and die for him. We are God's: let his wisdom and will therefore rule all our actions. We are God's: let all the parts of our life accordingly strive towards him as our only lawful goal (Rom. 14:8; cf. 1 Cor. 6:19).»²³⁵

Igjen så tek Calvin konsekvensen av det han ser som menneske sin situasjon; for om alt det gode vi har er utanfor oss sjølve, i Kristus, så gir det mening å la han få herredømme over livet vårt slik at det kan bli godt. Calvin vil at vi skal gi oss over til Guds Ande slik at vi kan tene Gud i tråd med hans ord.²³⁶ Han kritiserer filosofar som seier at berre forstanden kan vere herre over eit menneske. For om vi høyrer til Gud og ikkje oss sjølve så må vi istaden følgje Anden og då kan forstanden bli fornja.

«The Christian philosophy bids reason give way to, submit and subject itself to, the Holy Spirit so that the man himself may no longer live but hear Christ living and reigning within him (Gal. 2:20).»²³⁷

I bakgrunnen for dette ligg Calvin si forståing av synd som seier at heile menneske, inklusiv forstanden, er øydelagd av synda.²³⁸ Forstanden er difor ikkje eigna til å vere vår herre, for

²³⁴ Calvin, *Instit. 3.7.1.*

²³⁵ Calvin, *Instit. 3.7.1.*

²³⁶ Merk at dette er ulikt den radikale reformasjonen som i mindre grad vektla Guds ord som styrande for denne overgivinga. Dette var fordi dei opna for personleg openberring frå Gud utanom skrifta.

Calvin, *Instit. 3.7.1.*

²³⁷ Calvin, *Instit. 3.7.1.*

²³⁸ Calvin, *Instit. 2.3.1, 2.2.26.*

den vil leie oss til synd. Altså meiner Calvin at sidan vi ikkje er våre eigne, men tilhører Gud, så må heile menneske underordne seg om vi skal leve Kristi liv.

Calvin finn slik eit nytt mål for menneske: «From this also follows this second point: that we seek not the things that are ours but those which are of the Lord's will and will serve to advance his glory.»²³⁹ Ifølge han vil det å seia nei til seg sjølv bety at vi ønsker å følge Guds vilje og ære han, framfor å følge vår eiga vilje. Calvin oppfordrar altså til å seia nei til oss sjølve, slik at vi kan seia ja til Gud som vår Herre. For Calvin vil at vi skal leve livet framfor Gud fordi vi tilhører han; og eit slikt liv er ikkje kompatibelt med stolte tankar. Han skriv:

«For he who has learned to look to God in all things that he must do, at the same time avoids all vain thoughts. This, then, is that denial of self which Christ enjoins with such great earnestness upon his disciples at the outset of their service (cf. Matt. 16:24).»²⁴⁰

Kuren mot stoltheit er altså å seia nei til seg sjølv ifølge Calvin. For ved å seia nei til våre syndige viljer så kan vi seia ja til Guds gode vilje. Calvin forklarer kva han meiner med å sitere Titus 2,11-14.²⁴¹ Ved å trekke inn Paulus kan Calvin forklare meir om det han har samla under omgrepene å seia nei til seg sjølv. Paulus skriv: «Og hans nåde oppdreg oss til å seia nei til alt ugudeleg og til verdslege lyster og leva i sjølvstukt, rettferd og guds frykt i den verda som no er.»²⁴² Altså ser det ut til at det å seia nei til seg sjølv i praksis betyr «å seia nei til alt ugudeleg og til verdslege lyster.» Slik meiner Calvin at vi kan bli som pilgrammer, om vi har himmelen og ikkje verdsleg lykke som mål.²⁴³

Å seia nei til seg sjølv er for Calvin å seie ja til vår neste. For han fryktar at kjærleiken vår til oss sjølve raskt kjem i vegen for kjærleiken til nesten. Rørsla ut frå oss

²³⁹ Calvin, *Instit.* 3.7.2.

²⁴⁰ Calvin, *Instit.* 3.7.2.

²⁴¹ Calvin, *Instit.* 3.7.3.

²⁴² Tit 2,12.

²⁴³ Calvin, *Instit.* 3.7.3.

sjølve til andre menneske følger for Calvin naturleg etter ei rørsle ut frå oss sjølve til Gud. Han skriv: «We perceive that denial of self has regard partly to men, partly, and chiefly, to God.»²⁴⁴ For i hans analyse er det stoltheita som drep nestekjærleiken og altså må kjennskapen til Gud og oss sjølve gjere oss audmjuke, før vi kan tene andre. «For, such is the blindness with which we all rush into self-love that each one of us seems to himself to have just cause to be proud of himself and to despise all others in comparison.»²⁴⁵ Stoltheit er ikkje eit teikn på ærefrykt for Gud, men ærefrykt for oss sjølve. Det er eit kjenneteikn på ein person som trur han er sin eigen meister og som har gløynt at alle tilhører Herren. Calvin kallar dette for eit kongedømme i hjartet, eit indre kongedømme der vi sjølv regjerer over alt og alle.²⁴⁶ Vi vil at sjølv Gud skal vere underlagt vår vilje.

Å seia ja til andre

Å seie nei til seg sjølv er altså nødvendig for å kunne tene nesten vår, for alternativet er å bygge opp kongedømmet i hjartet. Og om vi bygger eit slikt kongedømme, så forsvarer vi det når det kjem under angrep. Calvin skriv:

«Thus, each individual, by flattering himself, bears a kind of kingdom in his breast. For claiming as his own what pleases him, he censures the character and morals of others. But if this comes to the point of conflict, his venom bursts forth. For many obviously display some gentleness so long as they find everything sweet and pleasant. But just how many are there who will preserve this even tenor of modesty when they are pricked and irritated?»²⁴⁷

Eit slikt forsvarsmodus, der «*gifta kjem fram*» så snart vår indre kongedømme er under angrep, kan ikkje kombinerast med sann teneste for nesten vår. Calvin meiner difor at evangeliet må drepe stoltheita før vi kan tene nesten vår. Evangeliet om at vi er syndige og alt håp er i Kristus, står i mot det indre kongedømmet som løfter oss sjølve opp til Guds trone. Framstillinga Calvin har gitt om vår tomheit meiner han skal avsløre stoltheita vår slik at vi kan gi opp vårt eige kongedømme og tene Gud, og berre då kan vi også tene nesten vår.

²⁴⁴ Calvin, *Instit.* 3.7.4.

²⁴⁵ Calvin, *Instit.* 3.7.4.

²⁴⁶ Calvin, *Instit.* 3.7.4.

²⁴⁷ Calvin, *Instit.* 3.7.4.

«Now, in seeking to benefit one's neighbor, how difficult it is to do one's duty! Unless you give up all thought of self and, so to speak, get out of yourself, you will accomplish nothing here.»²⁴⁸

Altså er nestekjærleiken umogleg om ikkje vi har rørsla utover. Denne rørsla går først ut frå vår eiga tomheit til Kristus og deretter tek den oss vekk frå vår eiga stoltheit slik at vi kan tene andre. Slik kan forholdet vårt til andre menneske bli fornja. Calvin seier at vi no kan ære dei gåvane som Gud har gitt til andre. For gode kvalitetar i andre er ikkje lengre noko som øydelegg illusjonen som stoltheita bygger på, men dei viser vidare til den sanne kongen som gir alle gode gåver. Når stoltheita vert satt ut av spill, så kan vi sjå utover mot Gud i situasjonar som ellers ville føre oss innover i forsvar av vår eiga stoltheit. Slik blir det mogleg med ei ekte godheit i teneste for andre, ei godheit som ikkje har ein skjult agenda om å pleie mitt eige ego.

For Calvin er altså nestekjærleiken eit eksempel på at håpet om eit godt liv er i Kristus. Om vi ikkje ser til han, men til oss sjølve så meiner Calvin at vi står utan ressursane til å overvinne stoltheit. Slik argumenterer han for at vi ikkje kan elske nesten vår fullt ut om vi ikkje først seier nei til oss sjølve.

Å ta opp krossen

For Calvin så er liding ein del av det kristne livet og ein kvar som vil følge Jesus må ta opp krossen sin. Å ta opp krossen sin (Matt 16,24) viser ifølge Calvin til liding som ein del av det kristne livet.²⁴⁹ Han skriv: «For whomever the Lord has adopted and deemed worthy of his fellowship ought to prepare themselves for a hard, toilsome, and unquiet life, crammed with very many and various kinds of evil.»²⁵⁰ Calvin sitt håp om eit godt liv i Kristus er altså ikkje det same som eit enkelt liv. Erkjennelsen at vi er tomme og at alt godt er i Kristus, fører han ikkje til ein herlegdomsteologi som lover rikdom og framgang for Guds folk. I staden så seier Calvin at einskapen vår med Kristus gjer at vi bør forvente eit like hardt liv som Jesus levde.

²⁴⁸ Calvin, *Instit.* 3.7.5.

²⁴⁹ Calvin, *Instit.* 3.8.1.

²⁵⁰ Calvin, *Instit.* 3.8.1.

«Why should we exempt ourselves, therefore, from the condition to which Christ our Head had to submit, especially since he submitted to it for our sake to show us an example of patience in himself?»²⁵¹

Fokuset på Kristus blir altså ikkje eit løfte om eit enkelt liv, men det blir ei oppmuntring i møte med eit hardt liv. For om Gud prøver oss hardt med liding og vanskår, så følger han berre same mønsteret som med Kristus. Liding er altså ikkje eit teikn på at Gud har forkasta borna sine, for Jesus leid. Det er difor ikkje meiningslaust å lide, ettersom vanskene er ein del av forholdet vårt med Kristus. For Calvin så minner eit vanskeleg liv oss om at vi tilhører Kristus ettersom vi deler same skjebne som han.²⁵²

Calvin meiner altså at Gud prøver oss med ulike kross slik at han kan leie oss til å stole på han. For i lidinga så let Gud oss erfare at vi er uegna til å vere vårt eige håp om eit godt liv. Om vi ikkje blir leia til å fortvile over vår eiga svakheit, så vil vi ikkje søke etter Gud si styrke.²⁵³ Slik driver vår eiga liding oss til Gud, ifølge Calvin. For når lidinga er over vil vi kunne sjå tilbake på Gud si trufastheit og få håp.²⁵⁴ Gud tillèt liding slik at vi skal lære å tvile på oss sjølve, ikkje for at vi skal tvile på han.²⁵⁵ For om krossen kan fri oss frå stoltheit og tillit til oss sjølve, så har vi vunne ein stor seier ifølge Calvin:

«It is of no slight importance for you to be cleansed of your blind love of self that you may be made more nearly aware of your incapacity; to feel your own incapacity that you may learn to distrust yourself; to distrust yourself that you may transfer your trust to God.»²⁵⁶

²⁵¹ Calvin, *Instit.* 3.8.1.

²⁵² Calvin, *Instit.* 3.8.1.

²⁵³ Calvin, *Instit.* 3.8.2.

²⁵⁴ Calvin, *Instit.* 3.8.3.

²⁵⁵ Calvin, *Instit.* 3.8.3.

²⁵⁶ Calvin, *Instit.* 3.8.3.

Vårt kross er altså meint som ein kur mot å stole på oss sjølve og slik gi oss lydnad og tolmod ved at vi stoler på Gud i staden.²⁵⁷ Men for at lidinga skal gi dette håpet så er det viktig for Calvin at Gud er allmektig over lidinga. Calvin framstiller liding som Far si irettesetting av ulydige born. Calvin seier ikkje nødvendigvis at dette er den einaste orsaka til liding, men han vektlegg denne sida for å gi håp.

Oppsummering

Vi har sett at eit element av Calvin si lære, er ei forståing av at menneske er tomme og fortapte, og at det einaste håpet er å finne i Jesus Kristus. Einskapsen med han gjer at kristne får del i hans frelsesverk og vert vendt ut av seg sjølv mot han. Dette resulterer i at eit godt liv er ifølge Calvin prega av guds frykt og oppgåva med å seie nei til seg sjølv, slik at ein kan tene andre.

²⁵⁷ Calvin, *Instit.* 3.8.4-5.

Kapittel 4

REFLEKSJON OG KRITISK VURDERING

Håp

Gjennom oppgåva har vi sett at den autentiske tid og Calvin bygger på nær motsette kjelder til håp om eit godt liv. Det eine tankesettet vender oss innover til eit håp som er knytt til å oppdage kven vi verkeleg er, medan den andre vender oss utover til håpet om å vere eitt med Kristus. Antropologien er også svært ulik, for om ein finn eit godt liv ved å finne seg sjølv, så må menneske vere godt. Calvin sitt syn er derimot at menneske er så øydelagd av synd, at vi er uegna til noko form for håp, om ikkje Gud grip inn.

Taylor si analyse er nyttig i at den hindrar oss i å ta for lett på den autentiske tid og avfeie den. Taylor viser at den lange prosessen med å forestille seg eit univers utan Gud, har nådd eit punkt der all tru er oppe til diskusjon. I eit slikt klima stiller ikkje Calvin sine idear på lik linje med den autentiske tid. Forteljinga som driv den autentiske tid, altså «expressive individualism», har fordelen av å vere på «heimebane», ettersom dei fem hundre åra sidan reformasjonen har gjort trua på Gud vanskelegare for mange. Ein bør ikkje tenke på Calvin si tid som eit slags ideal, ettersom det då også var mykje som hindra forkynninga av evangeliet. Likevel viser Taylor at dei nesten fem hundre åra har gjort ein forskjell i kor naturleg det er å leve eit liv med eit fokus utover. Det vestlege samfunn er i stor grad bygd opp rundt det immanente, det nærverande, og det menneskelege er då det viktige. Dei store problema skal løysast av menneske og dei store sigrane er vunne av menneske. I eit slikt klima er det ein stor appell i forteljinga om at kvar og ein må finne seg sjølv for å få eit godt liv. Det er slik kraft i denne forteljinga at ein overgang til det håpet som Calvin presenterer vil fortone seg som ei omvending. Ein kan ikkje i den autentiske tid berre ombestemme seg og heller søke eit ytre håp slik Calvin gjer. Fokuset på menneske er så sterkt at ein må dekonstruere eit heilt verdsbilete før Calvin sine idear kan setjast i verk. Det er kanskje sjølvsagt at nokon som ikkje er kristne må gjennomgå ei omvending om dei skal ta imot den kristne trua. Taylor får oss til å lure på om også mange kristne må ha ei slags omvending før dei kan leve etter det ytre håpet som Calvin omtalar. Dersom det er slik at grunnlaget for den autentiske tid ligg i

«the unthought», altså i det vi tek for gitt, så kan ein forvente at også vestlege kristne ber dette med seg.²⁵⁸ Og sjølv om ein kanskje kritiserer denne individualismen på overflata, så er det vanskeleg å reflektere kritisk rundt noko som er ein del av eins verdsbilete og identitet. Dersom nokon er frustrerte over at jobben ikkje gir mening til livet og konkluderer at det kanskje ikkje «var heilt *meg* å vere ingeniør», så er det interessant at ein forventa dette i utgangspunktet. Om ein forventar at den rette jobben, ektefellen eller livsstilen skal oppfylle håpet om eit godt liv, så er ein framleis på ei indre reise. For om håpet om eit godt liv ligg i å finne det livet som passer meg, så er det heilt i tråd med den autentiske tid.

Kva må då til før vestlege kristne kan leve etter det utoverfokuset som Calvin skisserer? For Calvin blir dette fokuset provosert fram av vår eiga tomheit. Når vi tek innover oss at vi er syndige og utilstrekkelege, så vil det tvinge oss utover mot Kristus. Og ifølge Calvin er det glede vi finn i Kristus som gjer det mogleg å seie nei til oss sjølle og ta opp krossen vår. Fokuset utover blir håpet hans i møte med eiga synd og i møte med eit liv fullt av liding. Og om nokon ønsker å leve etter det håpet som Calvin presenterer, så er truleg det første steget å reflektere over sitt eige verdsbilete. Calvin er ein ressurs på dette punktet, ettersom han skriv i ei heilt anna tid og dermed ikkje tek dei same tinga for gitt. Slik sett er det kanskje dei mest provoserande idéane hans som er også er dei mest nyttige. Slik får vi innblikk i endringar som har skjedd og kan reflektere over ting vi tidlegare såg som sjølvsagt. Om nokon ønsker å hjelpe seg sjølv og andre frå eit menneskeleg håp til eit ytre håp, så må ein få hjelp til å sjå det sjølvsagte i eit nytt lys. For om ei omvending er nødvendig, så må ein forbi ei overflatisk kritikk og reflektere rundt «the unthought.» Berre ved å sjå på dei grunnleggande forskjellane mellom verdsbileta, kan ein byrje å vurdere dei kritisk.

Det indre er ei ustabil kjelde til håp

Taylor observerer det han kallar «the malaise of immanence», altså det ukomfortable med ein eksistens som er avgrensa til den menneskelege og det materielle. Denne kjensla av tomheit kan vere ein inngang til refleksjonar rundt kjelda til eit godt liv. For om nokre opplever at søkinga etter håp i sitt eige indre fører til tomheit, så kan ein spørje seg om dei leiter på rett plass. Det kan tenkast at ein berre må leite lenger før ein finn sitt sanne «eg.» Nokon opplever

²⁵⁸ Smith, *How (not) to Be Secular*, 80. Taylor, *A Secular Age*, 30.

at dei lykkast med dette og er nøgde med håpet dei har funne. Likevel, så gir både Taylor og Calvin si analyse ei forventning om at dette fokuset innover fører til ei kjensle av tomheit. Ifølge Calvin så er håpet om eit godt liv knytt saman med relasjonen vår til Gud. Om tomme menneske leiter etter håp i seg sjølv, kan ein forvente at nokre vil erfare denne tomheita. Taylor er meir forsiktig i sine refleksjonar, men også han påpeikar denne indre uroa. Han forklarer det med at tankeuniverset som har lagt til rette for «exclusive humanism» – der berre det menneskelege er nødvendig – slår sprekker. Og når den tenkemåten slår sprekker så viser det seg i form av uro. Taylor kan difor snakke om at den tida som har utelukka alt anna enn det materielle, likevel er «heimsøkt» av det åndelege.²⁵⁹ Forfattaren Julian Barnes er eit døme på dette når han skriv: «I don't believe in God, but I miss him.»²⁶⁰ For om mennesket er det einaste håpet ein har, og det ikkje strekk til, då har ein god grunn til å kjenne seg uroleg. Slik viser både Calvin og Taylor grunnar til at det indre er ei ustabil kjelde til håp.

Taylor fremmer ei openheit for det mystiske og det store, som eit mogeleg alternativ til denne tomheita. I den samanheng kritiserer han Calvin og reformasjonen for å ha lagt til rette for det sekulære.²⁶¹ For om ein reduserer kristendommen til trussetningar og tek den vekk frå det verkelege liv, då er den lettare å forkaste. Vi kjem tilbake til denne kritikken mot Calvin seinare, men for Taylor er dette ein del av ein større kritikk mot «pre-shrunk religion.»²⁶² Med det meiner han til dømes ein kristendom som godtek dei grunnleggande føresetnadane for det sekulære verdsbilete. Slik vert Kristendommen krympa ettersom den byrjar å ta for gitt sanningar som ikkje er kompatible med den kristne trua. For om kristne kritiserer den autentiske tid på overflata, men tek for gitt at håpet er i mennesket, då vil dei truleg ikkje vinne fram med kritikken. Ein har påført seg sjølv eit slags handikap ved at ein umedvite argumenterer for ein krympa kristendom. Ein er difor overlatt til overflatiske argument, ettersom eins eige standpunkt har blitt rotlause.

²⁵⁹ Taylor, *A Secular Age*, 307.

Smith, *How (not) to Be Secular*, 76.

²⁶⁰ Julian Barnes, *Nothing to Be Frightened of* (London: Vintage, 2009), 1. Smith, *How (not) to Be Secular*, 5.

²⁶¹ Taylor, *A Secular Age*, 79.

Smith, *How (not) to Be Secular*, 39.

²⁶² Taylor, *A Secular Age*, 254.

Som eit eksempel kan ein sjå for seg ein ung kristen som blir fortalt at det beste truforsvar er å fortelle sitt eige vitnesbyrd, ettersom «ingen kan vere ueinige i di eiga historie.» Han lærer då ei form av «expressive individualism» som forsvaret for trua. Det stemmer truleg at eit slikt vitnesbyrd kan vere effektivt, ettersom den autentiske tid har stor respekt for sjølvoppdaging. Men om han deler vitnesbyrdet om sjølvoppdaging og ein venn svarar med sitt ateistiske vitnesbyrd, så har han eit utfordring. Ein kan spørje seg om han no har ressursane til å vere uening. For om forståinga hans av trua bygger på at individet må oppdage sin eigen veg til eit godt liv, så kan han vanskeleg kritisere andre for å finne sine vegar. Han har difor valet mellom å bekrefte vennen si ateistiske oppdaging, eller å gjere eit unntak frå sin eigen regel ved å kritisere vennen si historie. Ved å godta grunnlaget til «expressive individualism», så har han avgrensa argumenta sine i møte med andre oppdagingshistorier. Ein kan seie at dette er «pre-shrunk religion» ettersom debatten var snevra inn på førehand.

Løysinga for Taylor er difor å bryte ut av den krympa religionen. Han snakkar om dei som braut ut av det snevre, menneskefokuserte verdsbiletet.²⁶³ Han åtvarar kyrkjer og prestar om å ikkje nøye seg med ein kristendom der vi forstår alt. Mysteriet forsvinn i ein slags «ekskarnasjon» om vi tek vekk alle ritualer og det sakramentale, og i staden sitt at med ein kristendom som berre skal tenkast.²⁶⁴ Løysinga er altså, ifølge Taylor, ein kristendom prega av inkarnasjon. Liturgi kan til dømes vere ein mogleg måte å setje i verk denne inkarnasjonen av kristendommen, om det gir oss ein måte vi kan flytte fokuset frå oss sjølve og til Gud. Taylor, som er katolsk, trekk fram mysteriet i sakmenta som eit alternativ til utflatinga av trua. Ei utflating som han altså meiner er delvis grunna Calvin og reformasjonen, ettersom han meiner at dei har tona ned mysteriet i sakmenta og bruken av liturgi.²⁶⁵

²⁶³ Smith, *How (not) to Be Secular*, 132.

²⁶⁴ Taylor, *A Secular Age*, 613.

²⁶⁵ Smith, *How (not) to Be Secular*, 39.

Ein krympa Calvin

Den tolkinga av Calvin som ligg til grunn for dette studiet, får Taylor si kritikk til å verke karikert. For det ser ikkje ut til at Calvin ønsker å redusere kristendommen med ein ekskarnasjon, slik at den berre er læresetningar og er lausriven frå det daglege, det kroppslege og det mystiske. Tvert om så har Calvin bygd mysteriet inn i systematikken sin ved å fokusere utover mot Gud. Dette opnar for ein levande liturgi, sjølv om ikkje alltid Calvin sine etterfølgjarar har tatt det i denne retninga. Calvin gir slik eit meir konkret håp for dei som kjenner på tomheita i den autentiske tid. Han tilbyr ikkje berre konsept som lesaren skal forstå, men han peikar på einskapen med Jesus Kristus som kjelda til alt godt. Lesaren får kjensla av at Calvin ønsker å bruke forstanden til å røyve hjartet. Ein kan sjå ei pastoral omsorg i systematikken hans, som ønsker å forme tru i den som les.

Dette treng ikkje bety at Taylor si kritikk er urimelig. Reformasjonen har truleg spelt ei rolle i at dagens «sekulære pluralisme» vart mogleg. Samtidig finn ein i Calvin eit syn på menneske og håpet om eit godt liv, som undergrev det pågåande prosjektet der menneske ser innover i seg sjølv. Calvin presenterer eit evangelium som viser menneske si synd og at alt håp er i Kristus. Ei fyldig lære om einskapen med Kristus – noko ein finn både i Calvin og i Luther – vil gi ei djupne til ordet, sakamenta og heile det kristne livet som står i mot exclusive humanism.²⁶⁶ Altså treng ikkje kyrkja gå vekk frå reformasjonen for å møte tendensane som har ført til den autentiske tid. Calvin er ikkje ein del av det Taylor kallar pre-shrunk religion, ettersom han kombinerer ein stor Gud med interesse for menneske. Han kan sjå innover utan å miste Gud av syne. Tvert om så vitnar den indre tomheita om at vi treng Gud. Slik gir han oss ein frisk kritikk i møtet med den autentiske tid. Målet bør ikkje vere å gå tilbake til middelalderen sitt religiøse klima der ateisme er utenkeleg. Calvin si analyse er ikkje avhengig av at alle erkjenner at det er ein Gud, ettersom syndefallet forklarer vantrua for han. Han viser at å kjenne seg sjølv utan referanse til Gud er håplaust. For slik han presenterer menneske, så er det ikkje rart at håp og mening forsvinn dersom ein isolerer seg i si eiga tomheit.

²⁶⁶ Martin Luther, “Om Den Kristne Frihet,” in *Verker I Utvalg*, trans. Sigurd Hjelde, vol. 2 (Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1979), 210.

Calvin har støtte av Augustin og Luther når han presenterer menneske som «*Incurvatus in se*»: synda vender oss innover mot oss sjølve og vekk frå Gud. Nettopp difor er håpet hans knytt til å vere foreina med Kristus. For om den indre tomheita er eit uttrykk for at vi er fortapte i oss sjølve, så er evangeliet om frelse i Jesus løysinga. Ifølge Calvin så kan ein ikkje finne eit svar på tomheita i seg sjølv, men ved å bli vend utover mot Kristus. Læra hans om einskap med Kristus kan slik gi fridom frå eit evig jag etter meining. Det gode livet kjem ikkje ved sjølvrealisering, men ved å fornekte seg sjølv slik at ein kan leve for Jesus. Når han presenterer Jesus som svaret på det vi søker, så viser han tilbake til den skapte ordninga. Stoltheita i syndefallet fekk menneske til å setje seg over Gud, men når Kristus igjen blir sentrum så slepp menneske å spele Gud si rolle, men kan få håpet frå han.²⁶⁷

Er Calvin sitt menneskesyn destruktivt?

Ein naturleg kritikk mot Calvin sitt håp er at det bygger på eit for negativt menneskesyn. For han skil seg tydeleg frå det positive menneskesynet som ligg til grunn for den autentiske tid.²⁶⁸ Han har altså ei anna syn enn den psykologiske analysen som seier at for låg sjølvkjensle er menneske sitt eigentlege problem. Om dette er problemet, så kan ein kanskje nå eit godt liv ved uttrykkande individualisme. For finn ein seg sjølv og klarer å ignorere kritikarane, så vil ein kunne bli kvitt den låge sjølvkjensla og lære å vere stolt over seg sjølv.

Calvin kjem altså med ei tolking av problemet som er nær motsett av dette. Hans menneskesyn er negativt på grunn av påverknaden syndefallet har hatt på alle menneske. Det kan difor vere urovekkande lesning når Calvin framstiller dette negative menneskesynet, ettersom det positive menneskesynet er så sentralt for håp i den autentiske tid. Likevel er slike ukomfortable påstandar svært viktige ettersom dei kan vise oss ting som verdsbiletet vårt gjer usynleg. For Calvin er ikkje håpet i menneske, men i Kristus, og difor kan han angripe stoltheit med ein iver som kan få han til å virke ufølsom. Calvin si hensikt er ikkje å demotivere, men å åtvare mot falske håp og presentere eit sant håp i Jesus. Om vi finn han urovekkande på dette punktet, er det fordi vi ser innover etter håp?

²⁶⁷ Calvin, *Instit.* 2.1.4.

²⁶⁸ Calvin, *Instit.* 2.1.4.

Nyere studiar i psykologi tyder på at Calvin kan ha rett i å peike på stoltheit som eit større problem enn eit lågt sjølv-bilete. Psykologen Lauren Slater siterer denne forskninga og seier:

«Last year alone there were three withering studies of self-esteem released in the United States, all of which had the same central message: people with high self-esteem pose a greater threat to those around them than people with low self-esteem and feeling bad about yourself is not the cause of our country's biggest, most expensive social problems.»²⁶⁹

Om mennesket djupast sett er godt, så kan det vere at løysinga på mange problem er å oppdage denne verdien og lære å stole meir på seg sjølv. Men forskninga støttar ikkje tanken om at det rådande problemet er låg sjølvtilleit. Slater siterer Nicholas Emler som seier:

«We've put antisocial men through every self-esteem test we have, and there's no evidence for the old psychodynamic concept that they secretly feel bad about themselves. These men are racist or violent because they don't feel bad enough about themselves.»²⁷⁰

Emler meiner altså at stoltheit ser ut til å vere eit større problem enn låg sjølvtilleit.²⁷¹ Dette stadfestar ikkje Calvin si analyse, men det opnar for den. For om stoltheit er eit rådande problem så gjer Calvin rett i å mane til audmjukskap og hans tilnærming kan vere kjærleg. Calvin sitt mål er at vi skal sjå kor fortvilt situasjonen vår er utan Gud, slik at vi betre kan kjenne Gud si godheit mot oss i Kristus. Om han hadde tona ned den fortvilte situasjonen for eit menneske utan Gud, så ville han dermed også tona ned frelsa som er tilbydd i evangeliet. Calvin si dystre framstilling av menneske sin syndige natur bør altså ikkje lesast som hardsleik, men som ei opning for å kunne formidle nåden.

²⁶⁹ Slater, “The Trouble With Self-Esteem,” paragraph 6.

²⁷⁰ Slater, “The Trouble With Self-Esteem,” paragraph 14.

²⁷¹ Det er verdt å merke seg at nokre argumenterer for at stoltheit er eit mannleg problem, medan kvinner slit med låg sjølvtilleit. Jf. Daphne Hampson sitt arbeid. Eit slikt skilje finn ein ikkje i Calvin, som ser stoltheit som eit problem både for heile menneskeslekta og som ein sentral del av synda.

Mike Ovey, “Justification 5 - Curved in or Looking Out?” (lecture, Oak Hill College, March 31, 2014).

Å elske nesten som oss sjølve

Bodet om å elske nesten sin som seg sjølv vil framstå ulikt om vi leiter etter det gode i oss sjølve eller i Kristus.²⁷² For om det gode er i oss sjølve så kan bodet lesast som ei oppmuntring til å elske oss sjølve, slik at vi også kan elske nesten vår. Calvin tek ikkje dette som ei oppmuntring til sjølvkjærleik, ettersom han ser det som eit hinder mot å elske nesten. Calvin skriv:

«And obviously, since men were born in such a state that they are all too much inclined to self-love ... there was no need of a law that would increase or rather enkindle this already excessive love. Hence it is very clear that we keep the commandments not by loving ourselves but by loving God and neighbor; that he lives the best and holiest life who lives and strives for himself as little as he can.»²⁷³

Calvin les difor eitt og ikkje to bod i versa om å elske nesten sin som seg sjølv. Kjærleiken til seg sjølv er ifølge han automatisk og negativ. Den skal difor ikkje oppmuntrast, den berre er der.

Taylor påpeikar at den sekulære tid har eit problem med nestekjærleik: «Before the reality of human shortcomings, philanthropy – the love of the human – can gradually come to be invested with contempt, hatred, aggression.»²⁷⁴ For om ein forventar at ressursane til det gode er i sitt eige indre, så bør også andre kunne finne sine ressursar. I møte med menneske si synd og manglande vilje til å endre seg, så ser det ut til at den autentiske tid har mindre å komme med enn Calvin. Calvin har presentert eit narrativ der ein ikkje forventar ei snarlig endring, men i staden let vår eiga og andre si synd leie oss vidare til Kristus, den allmektige frelsaren. Den autentiske tid – med sine gjentatte oppmuntringar til å finne seg sjølv og elske det ein finn – får eit problem når menneske finn vondskap i sitt eige indre. Kva om ein person oppdagar ein indre trang til drap og vold? Ein kan vel ikkje då gi dei rådet om å lære å elske

²⁷² 3 Mos 19,18; Matt 22,39.

²⁷³ Calvin, *Instit.* 2.8.54. Jf. 3.7.5.

²⁷⁴ Taylor, *A Secular Age*, 697. Smith, *How (not) to Be Secular*, 126.

den dei er?²⁷⁵ Brotsmenn viser seg å vere svake punkt for eit tankesett som er avhengig av eit positivt menneskesyn. Ein kan sjølvsagt hevde at dette ikkje er deira verkelege identitet, men då bryt prosjektet saman. Om ein seier dette så ser ein ikkje innover, men utover for å finne det svaret ein leiter etter. Ein er nødd til å sjå ut av seg sjølv om ein skal finne ein standard for kva som kvalifiserer til å vere det gode. Om dette er nødvendig, har den autentiske tid vist seg å ikkje strekke til, ettersom den berre viser innover for å finne svara i seg sjølv. Prosjektet mislykkast altså i møte med synda, ettersom konseptet «synd» ikkje kan eksistere utan ein standard som er utanfor ein sjølv.

Ein kan difor forvente at den autentiske tid vil ty til skam i møte med dei som er «for vonde til å forstå.» For om brotet er alvorleg nok, så vil konklusjonen vere at denne personen er utan det gode, til forskjell frå folk flest. Den dømte vil kanskje sjølv føle seg som eit offer, ettersom han fulgte sitt eige indre som han vart fortalt og no blir dømd for det. Han spør, delvis med rette, kvifor han skal dømmast for sine indre lyster, medan alle andre skal feire sine? Skam blir slik eit verkemiddel til å møte vondskapen som ellers sett heile tankesettet ut av spel. Ved å føre skam over den dømde, så vert det vanskelegare å elske han. Calvin har ikkje dette problemet, ettersom han heile tida har hatt eit fokus utover. Han forventar å finne synd i alle menneske og difor treng han ikkje lage unntak om han møter det. Slik er han betre rusta til å elske nesten sin, for om nesten viser seg å vere syndig og nærast umogleg å elske, så kan Calvin vise til vår eiga synd og Guds nåde mot oss i Kristus. Han skriv:

«I say: we ought to embrace the whole human race without exception in a single feeling of love; here there is no distinction between barbarian and Greek, worthy and unworthy, friend and enemy, since all should be contemplated in God, not in themselves.»²⁷⁶

Ved å sjå nesten sin i Gud og ikkje ut i frå deira eige indre, så har Calvin ressursar til ein uthaldande kjærleik. For om den ein vil hjelpe er motvillig og ikkje ønsker det gode, så treng ein ikkje ty til skam for å endre dei. I staden så kan ein elske i kraft av eit evangelium om

²⁷⁵ Tv-serien «Dexter» er eit urovekkande tankeeksperiment med ein serie-mordar som protagonist. Han finn mordlyst i sitt eige indre og lev det ut som si identitet, likevel vert han framstilt som helten.

²⁷⁶ Calvin, *Instit.* 2.8.57.

frelse frå synda. Og medan den autentiske tid kanskje må lage unntak for dei som ikkje finn det gode i seg, så kan Calvin presentere den same frelsaren til alle.

Skal ein elske seg sjølv?

Calvin utfordrar kyrkja til å ikkje sjå kjærleiken til seg sjølv som noko som alltid er sunt. Om ein seier til nokon i den autentiske tid at dei må elske seg sjølv, så bør ein vere bevisst på den kulturelle bakgrunnen som fyller dette utsagnet med meinings. For med dette så vil truleg tilhøyraren ta utgangspunkt i eit positivt menneskesyn og sjå innover for å finne noko å elske. Ein kan seie at orda «å elske seg sjølv» aktiverer verdsbilete i den autentiske tid. Difor bør kyrkja ha eit reflektert forhold til dette omgrepet. For om ein forkynnar skulle kritisere sjølvkjærleiken som stoltheit, så vil dette ofte kunne opplevast som eit hjartelaust angrep. Det vil kunne få tilhøyrarane til å høyre dette som motstand mot at dei skal vere den dei verkeleg er. Forkynnaren passar då inn i eit fiendebilete, av dei som hindrar ein å leve ut sin sanne identitet. Han vert då ein som må overvinnast og kjem ingen veg i formidlinga si. Dette skjer ettersom han har angripe det einaste håpet som er kjent, utan å tilby ei tydeleg erstatning.

Det er viktig for forkynnaren og tilhøyraren å erkjenne at den autentiske tid er ein del av eit verdsbilete. Ein tek det ofte for gitt at menneske kan finne svara i sitt eige indre og difor tek ein det også for gitt at alle må elske seg sjølv. Om dette synet skal utfordrast må det skje på eit djupare nivå, ettersom den viktige usemjua er spørsmålet om verdsbilete. Calvin har argumentert for at vi ikkje bør ta det for gitt at vi skal leve med eit menneskesentrert verdsbilete. Tvert om, så er det i Kristus at alt det gode er å finne, og det sentrale for Calvin er at vi får del i dette ved einskapen vår med Kristus. Det er altså ved denne relasjonen til Gud at vi kan få den fulle kjennskapen til oss sjølve. Dette betyr difor ikkje at Calvin vil at vi skal hate oss sjølve i ein psykologisk forstand. Han vil at vi skal fortvile over oss sjølve slik at vi innser at vi ikkje kan vere vår eigen frelsar, i staden så må vi finne det gode i Kristus. Og det gode vi finn i han inkluderer sjølvsagt også eit sunt forhold til oss sjølve.

Denne nyansen er vanskeleg å formidle, ettersom det ikkje er rom for den innanfor verdsbilete til den autentiske tid. Ein manglar kategoriane til å sjå utanfor seg sjølv og difor også til å seie nei til seg sjølv. Om nokon stiller seg kritisk til sjølvkjærleik, så vil ein difor bli

høyrd som om ein fremmer håplause, depresjon og skam. For om ein presenterer Calvin sine konklusjonar utan å ta for seg at han finn håpet i Kristus, så vil det heile virke surrealistisk. Dette er fordi ein då angrip det einaste aktuelle håpet: mennesket, og ein gjer det utan at det er klart at ein føresett eit ytre håp i Gud.

Forkynnalar bør altså tenke gjennom kva dei oppnår med å seie at tilhøyrarane skal elske seg sjølv. Om målet er eit psykologisk sunt forhold til seg sjølv, så bør ein spørje seg om dette kjem ved den autentiske tid. For om Calvin har rett i at menneske er tomme og at håpet er i Kristus, så vil eit blikk som alltid vender innover, stå i ei stor fare for skam og fortviling. Det kan altså vere at eit slik forsøk på å gje tilhøyrarane ein sunn relasjon til seg sjølv, er med på å øydelegge for det sunne. For om ein berre seier at tilhøyrarane skal elske seg sjølv, så stadfestar ein den autentiske tid, og lukkast truleg ikkje med å vise at Kristus er det einaste håpet om eit godt liv.

Forkynne Kristus

Kyrkja har altså ei vanskeleg oppgåve i møte med den autentiske tid, ettersom den utfordrar den klassiske presentasjonen av evangeliet som frelse frå synd og fortaping. Om forkynnalar skal gje tilhøyrarane det håpet som er i Kristus, så må ein over tid dekonstruere forventningane om at eins eige indre er kjelda til sanning og eit godt liv. Oppgåva er, om vi skal la oss inspirere av Calvin sitt fokus, å vende blikket deira utover til Kristus. For om kyrkja nøyer seg med å framstille ein lett fordøyeleg kristendom som ikkje utfordrar, men berre bekreftar, då opnar ein seg for Taylor sin kritikk av «pre-shrunk religion.» Godtek ein premissset om at ein kvar må finne det som passer dei, så misser ein også moglegheita til å gi eit nytt håp. Ein må difor legge til rette for ei omvending frå eit indre til eit ytre håp.

Teologen Grete Tengsareid Søvik tek opp utfordringa med å forkynne frelse frå synd i ein narsissistisk kultur.²⁷⁷ Ho analyserte åtte preiker og fann at dei lykkast i liten grad med å

²⁷⁷ Grete Tengsareid Søvik, *In the Middle of Sin Is I: En Analyse Av Forholdet Mellom Narsissistiske Trekk I Vår Kultur Og Forkynnelse Av Frelse Fra Synd I åtte Prekener Holdt På NRK PI Kirkeåret 2007-2008* (Stavanger: Misjonshøgskolens forlag, 2014).

utfordre tilhøyrarane sitt sjølvfokus. Preikene hadde ein tendens til å tone ned synd og dom, og Tengsareid Søvik spør om dette kan vere fordi forkynninga vert påverka av kulturen.²⁷⁸

«Denne nedtoningen av en framtidig dom, kan også fortolkes som et uttrykk for at predikantene toner ned aspekter ved den kristne tro for å forsøke å selge troen til tilhørerne. Det at predikanter forsøker å selge den kristne tro, kan fortolkes som et uttrykk for at predikantene er seg bevisst at de forkynner til tilhørere som lever i en konsumkultur, hvor tilhørerne er vant til å få sine behov tilfredsstilt. Nedtoningen av negative aspekter ved den kristne tro kan på den måten forstås som uttrykk for en påvirkning av noe av det som beskrives under kategorien selvfokus.»²⁷⁹

Om sjølvfokuset pregar både forkynnaren og tilhøyrarane så er det utfordrande å forkynne eit ytre håp. Tengsareid Søvik fann at nokre av forkynnarane presenterte frelsa som ei oppfylling av narsissistiske lengsler.²⁸⁰ Ho fann også at nokre av dei stod i fare for å gjere tilhøyrarane meir fokuserte på seg sjølv, ikkje mindre.²⁸¹ Vi kan kanskje forstå dette som eit uttrykk av den autentiske tid i forkynninga. Ein tek for gitt det fokuset innover som er naturleg i den autentiske tid, og då har ein også mindre moglegheit til å presentere eit ytre håp i Kristus.

Kyrkja i Vesten vil kanskje lykkast betre om ein held seg til eit verdsbilete som bryt med den autentiske tid. Om kyrkja bruker forkynninga, sakramenta, bønene og liturgien (formell eller uformell) til å vende oss utover mot Kristus, så kan ho gi eit djupare håp. For om ein konfronterer tomheita i vårt indre med fylden i Kristus, så tilbyr ein ikkje ein krympa religion, men eit håp som er autentisk kristent. Calvin kan altså kanskje hjelpe kyrkja i møte med den autentiske tid. Når han argumenterer for at sjølvfokuset er håplaust, så kan han opne for nye refleksjonar rundt håpet i evangeliet og korleis det kan presenterast i dag. Calvin utfordrar kyrkja til å ikkje tone ned synd og fortaping, men å bruke desse sanningane til å vise fram Guds nåde i Kristus.

²⁷⁸ Tengsareid Søvik, *In the Middle of Sin Is I*, 248.

²⁷⁹ Tengsareid Søvik, *In the Middle of Sin Is I*, 243.

²⁸⁰ Tengsareid Søvik, *In the Middle of Sin Is I*, 247.

²⁸¹ Tengsareid Søvik, *In the Middle of Sin Is I*, 261.

Calvin viser at forskjellane mellom eit håp som er retta innover og eit som er retta ut mot Kristus, er så grunnleggande at det må skje ei omvending. Dei to verdsbileta kan ikkje kombinerast, ein må enten finne håpet i seg sjølv eller i Kristus. Kyrkja må difor ikkje ukritisk tilpasse seg den autentiske tid og heller ikkje be den autentiske tid om overflatiske justeringar. Om ein unngå å utfordre fokuset innover, så kan det vere vanskelegare å vise ein ny måte å finne håp på og slik hjelpe folk vekk frå eit sjølvfokus og til Kristus. Det er mogeleg å forkynne Kristus til dei som søker innover på ein måte som med kjærleik utfordrar forventninga om at svaret finst i eins eige indre. Tengsareid Søvik påpeikar at dette ikkje skjer i løpet av ei enkelt preike, tvert om så forventar ho at forkynnaraar må ha eit perspektiv på fleire år om dei skal kunne endre tilhøyrarane sitt sjølvfokus.²⁸² Ho har truleg rett i dette, for prosessen med å dekonstruere eit verdsbilete og presentere eit anna er krevjande. I møte med ei tid som leiter etter håpet om eit godt liv i sitt eige indre, så må ein vise håpet om eit godt liv i Kristus.

Kyrkja må altså forkynne Kristus, og dette er truleg den mest sentrale lærdommen vi kan ta frå Calvin si utfordring til den autentiske tid. Forkynning og gudstru i den autentiske tid må vere Kristus fokusert. Ein må stadig løfte fram han og alt det gode som kjem til oss ved han. For utan eit fokus på Kristus, så har ein ikkje ressursane som trengs for å fri folk i den autentiske tid frå eit øydeleggande sjølvfokus. Berre ved evangeliet om Jesus, kan Gud bli fokuset og håpet vårt i dag. Dette er ein tidkrevjande prosess, men saman kan ein vende om og sjå utover til Kristus.

Konklusjon

Oppgåva har tatt for seg følgande problemstilling: *Håpet om eit godt liv – i oss sjølve eller i Kristus? Jean Calvin si lære om menneskeleg tomheit og håpet i Kristus, som ei utfordring til Charles Taylors «the age of authenticity.»* I den autentiske tid er det naturleg å finne håpet om eit godt liv i seg sjølv. Charles Taylor teiknar eit bilet av korleis Vesten vart sekulær som viser at det menneskelege stod att som det sentrale. Og i ein slik situasjon er det naturleg å sjå til menneske for å finne løysinga på eksistensielle problem. For når mange ikkje lengre vurderer Gud som eit alternativ, så er menneske den naturlege erstatninga. Med eit positivt

²⁸² Tengsareid Søvik, *In the Middle of Sin Is I*, 311.

menneskesyn som utgangspunkt, vert ein kvar person oppfordra til å legge ut på ei reise slik at ein kan oppdage seg sjølv og finne ut kven ein verkeleg er. Først då, når ein lev ut denne sjølvoppdaga identiteten, kan ein få eit godt liv. Den autentiske tid representerer altså eit verdsbilete der ein ser innover i menneske og leiter etter håpet om eit godt liv i seg sjølv.

Calvin derimot, har ei svært annleis forståing av menneske sin situasjon og løysinga på den. Ifølge han så kjenner vi verken Gud eller oss sjølve. Syndefallet har hatt ein katastrofal effekt på menneske og alle er difor tomme og fortapte, om vi blir overlatt til oss sjølve. Behovet for ein frelsar er difor stort og Jesus Kristus er denne frelsaren ettersom han er mellommannen mellom menneske og Gud. Hans rolle som profet, konge og prest gjer at han er den perfekte forsonar. Calvin legg difor stor vekt på einskapen vår med Kristus, som skjer ved tru og ved Den heilage ande. For ved at vi får del i Kristus, så finn vi ei løysing på vår eiga tomheit. Denne forståinga av menneske og frelsa gjer at Calvin ser utover for å finne håpet om eit godt liv. Dette ser ein mellom anna tydeleg i presentasjonen hans av det kristne liv. For når han skriv om dette, så fokuserer han på å ære Gud og på å seie nei til seg sjølv. Calvin meiner at vi blir fri til å tene andre menneske om vi fornekta oss sjølve og fryktar Gud.

Altså er det to svært ulike tilnærmingar til håp som er framstilt i denne oppgåva. Den autentiske tid ser innover etter eit håp i seg sjølv, medan Calvin ser utover og finn håpet i Kristus. Denne grunnleggande forskjellen gjer at Kyrkja må vere merksam på si eiga formidling i møte med den autentiske tid. Ettersom skilnaden handlar om ulike verdsbilete, kan både forkynnurar og tilhøyrarar komme til å følge den autentiske tid ukritisk. Dette vil då truleg ikkje hjelpe kristne med å elske nesten sin og det kan også vere med å gi eit usunt sjølvfokus. Kyrkja må difor forkynne Kristus som håpet om eit godt liv om ein skal gjere det mogleg for kristne å seie nei til seg sjølv og finne det dei søker i han. Slik kan Kyrkja forkynne fridom frå reisa innover og vende seg sjølv og andre til Kristus. For Kristus er håpet om eit godt liv.

Bibliografi

- Adler, Mortimer Jerome, and Charles Lincoln Van Doren. *How to Read a Book*. New York: Simon and Schuster, 1972.
- Aquinas, Thomas. "Summa Theologica." Translated by Fathers of the English Dominican Province. *Christian Classics Ethereal Library*. Accessed September 30, 2016. <http://www.ccel.org/ccel/aquinas/summa.i.html>.
- Athanasius. "On the Incarnation of the Word." In *Nicene and Post-Nicene Fathers of the Christian Church*, edited by Philip Schaff and Henry Wace, 5:31–67. Grands Rapids, Michigan: Wm. B. Eerdmans publishing company, 1978.
- Augustine. "City of God." Translated by Marcus Dods. *Christian Classics Ethereal Library*. Accessed September 23, 2016. <http://www.ccel.org/ccel/schaff/npnf102.iv.XVI.27.html>.
- — —. "Homilies on the Gospel of John." In *Nicene and Post-Nicene Fathers of the Christian Church*, edited by Philip Schaff. Vol. 7. Grands Rapids, Michigan: Wm. B. Eerdmans publishing company, 1978.
- Austad, Torleiv. *Tolkning Av Kristen Tro*. Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2008.
- Balserak, Jon. "Corrections to Battles' Translation of Calvin's Institutes." *Corrections to Battles' Translation of Calvin's Institutes*. Accessed September 1, 2016. <http://calvinbattlescorrections.blogspot.com/>.
- Barnes, Julian. *Nothing to Be Frightened of*. London: Vintage, 2009.
- Battles, Ford Lewis, and John Walchenbach. *Analysis of the Institutes of the Christian Religion of John Calvin*. Phillipsburg, N.J.: P&R Pub., 2001.
- Beeke, Joel R. "Calvin's Piety." *MJT* 15 (2004). Accessed August 29, 2016. <http://www.midamerica.edu/resources/journal/15/beekepiety.pdf>.
- Bibelselskapet. *Bibelen*. Oslo: Bibelselskapet, 2011.
- Bolgar, Robert Ralph. *The Classical Heritage and Its Beneficiaries*. London: Cambridge University Press, 1954.
- Calhoun, David. "Introducing the Institutes." *Covenant Seminary*. Accessed September 29, 2016. https://www.covenantseminary.edu/resources/wp-content/uploads/sites/5/2014/12/CH523_T_01b.pdf.
- Calvin, Jean. "Commentary on Acts." Translated by Henry Beveridge. *Christian Classics Ethereal Library*. Accessed September 23, 2016. <http://www.ccel.org/ccel/calvin/calcom37.iii.ii.html>.
- — —. "Commentary on Genesis." Translated by John King. *Christian Classics Ethereal Library*. Accessed September 23, 2016. <http://www.ccel.org/ccel/calvin/calcom01.i.html>.
- — —. "Commentary on John." Translated by William Pringle. *Christian Classics Ethereal Library*. Accessed September 16, 2016. <http://www.ccel.org/ccel/calvin/calcom34.i.html>.
- — —. "Commentary on Romans." Translated by John Owen. *Christian Classics Ethereal Library*. Accessed September 6, 2016. <http://www.ccel.org/ccel/calvin/calcom38.xii.v.html>.

- . *Institutes of the Christian religion*. Edited by John T McNeill. Translated by Ford Lewis Battles. Louisville, Kentucky: Westminster John Knox Press, 2011.
- Carson, Don. “Calvin as Bible Commentator and Systematic Theologian.” *2009 Reformation Conference*. Accessed August 29, 2016. <http://www.sermonaudio.com/sermoninfo.asp?SID=11409849342>.
- Challies, Tim. “The Essential: Idolatry.” Accessed November 7, 2016. <http://www.challies.com/articles/the-essential-idolatry>.
- Dever, Mark. “Where’d All These Calvinists Come From?” *9marks*. Accessed September 19, 2016. <https://9marks.org/article/whered-all-these-calvinists-come-from>.
- Grant, Adam. “Unless You’re Oprah, ‘Be Yourself’ Is Terrible Advice.” *The New York Times*. Accessed October 31, 2016. http://www.nytimes.com/2016/06/05/opinion/sunday/unless-youre-oprah-be-yourself-is-terrible-advice.html?_r=0.
- Hägglund, Bengt. *Teologins Historia*. Lund: Liber Läromedel, 1981.
- Hansen, Collin. “Young, Restless, Reformed.” *Christianity Today*. Accessed September 27, 2016. <http://www.christianitytoday.com/ct/2006/september/42.32.html>.
- Haroutunian, Joseph, and Louise Pettibone Smith. *Calvin: Commentaries*. The Library of Christian Classics 23. London: SCM Press, 1958.
- Henriksen, Jan-Olav. *Guds Virkelighet*. Oslo: Luther Forlag, 1994.
- Horton, Michael Scott. *Calvin on the Christian Life: Glorifying and Enjoying God Forever*. Theologians on the Christian life. Wheaton: Crossway, 2014.
- Keller, Timothy. “Dr. Timothy Keller at the March 2013 Faith Angle Forum.” *Ethic and Public Policy Center*. Accessed November 8, 2016. <https://eppc.org/publications/dr-timothy-keller-at-the-march-2013-faith-angle-forum/>.
- . *The Freedom of Self-Forgetfulness: The Path to True Christian Joy*. Chorley, England: 10Publishing, 2012.
- Lewis, C. S. “Introduction to Athanasius’ on the Incarnation.” Accessed September 12, 2016. <http://www.theologynetwork.org/studying-theologyrs/startng-out/introduction-to-athanasius-on-the-incarnation.htm>.
- Luther, Martin. “Om Den Kristne Frihet.” In *Verker i utvalg*, translated by Sigurd Hjelde. Vol. 2. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1979.
- . “Om Den Trellbundne Viljen.” In *Verker i utvalg*, translated by Inge Lønning. Vol. 4. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, 1981.
- McGrath, Alister E. *Christian Theology: An Introduction*. 25th Anniversary Sixth Edition. Hoboken: Wiley, 2016.
- Modalsli, Ole, and Leif Gunnar Engedal. *Evangelisk Tro*. Oslo: Luther Forlag, 1980.
- Ovey, Mike. “Justification - Curved in or Looking Out?” Lecture, Oak Hill College, March 31, 2014.
- Reeves, Michael. *On Giants’ Shoulders: Introducing Great Theologians - from Luther to Barth*. Nottingham: IVP, 2011.
- Sanlon, Peter. *Simply God: Recovering the Classical Trinity*. Nottingham, England: IVP, 2014.
- Sanneh, Lamin O. *Whose Religion Is Christianity?: The Gospel beyond the West*. Grand Rapids, Mich: W.B. Eerdmans Pub, 2003.

- Slater, Lauren. “The Trouble With Self-Esteem.” *The New York Times*, February 3, 2002. Accessed September 21, 2016. <http://www.nytimes.com/2002/02/03/magazine/the-trouble-with-self-esteem.html>.
- Smith, James K. A. *How (not) to Be Secular: Reading Charles Taylor*. Grand Rapids, Michigan: William B. Eerdmans Publishing Company, 2014.
- Taylor, Charles. *A Secular Age*. Cambridge, Mass.: Belknap Press of Harvard Univ. Press, 2007.
- Taylor, Justin. “Union with Christ: A Crash Course.” *Between Two Worlds*. Accessed October 22, 2016. <https://blogs.thegospelcoalition.org/justintaylor/2011/02/09/union-with-christ-a-crash-course/>.
- Tengsareid Søvik, Grete. *In the Middle of Sin Is I: En Analyse Av Forholdet Mellom Narsissistiske Trekk I Vår Kultur Og Forkynnelse Av Frelse Fra Synd I åtte Prekener Holdt På NRK P1 Kirkeåret 2007-2008*. Stavanger: Misjonshøgskolens forlag, 2014.
- Thiselton, Anthony C. *New Horizons in Hermeneutics: The Theory and Practice of Transforming Biblical Reading*. Nachdr. Grand Rapids, Mich: Zondervan Publ. House, 1992.
- Troglion, Ryan. “Following Jesus in an Age of Authenticity.” *The Gospel Coalition*. Accessed October 31, 2016. <https://www.thegospelcoalition.org/article/following-jesus-in-an-age-of-authenticity>.
- Trueman, Carl. “Reformation 1: The Pastoral Heart of the Reformation.” *Theology Network*. Accessed August 30, 2016. <http://www.theologynetwork.org/historical-theology/getting-stuck-in/reformation-1--the-pastoral-heart-of-the-reformation.htm>.
- Van Til, Cornelius. “Common Grace.” *Westminster Theological Seminary*. Accessed September 9, 2016. <http://files1.wts.edu/uploads/images/files/WTJ/CTV%20-%20Common%20Grace,%20pt%201.pdf>.
- Veka, Camilla. “Rekord-Sterk Start for Åndenes Makt.” *NRK*. Accessed June 12, 2016. <https://www.nrk.no/kultur/rekord-sterk-start-for-andenes-makt-1.11229333>.
- Wallace, Ronald S. *Calvin’s Doctrine of the Christian Life*. Edinburgh: Oliver and Boyd, 1959.